



Møre og Romsdal
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar



Kvalitetsmeldinga

for vidaregående opplæring i Møre og Romsdal 2022

Innhald

Forord	3
Samandrag	4
1 Innleiing	5
1.1 Om kvalitetsmeldinga og mål for opplæringa	5
1.2 Årshjul for kvalitetsarbeid	6
1.3 Om vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal	7
2 Læringsmiljø	9
2.1 Lokale mål	9
2.2 Vurderinga til skoleeigar	10
2.2.1 Elevundersøkinga	12
2.2.2 Læringsmiljø - HMS for elevar	21
2.2.3 Undervisningsevalueringa	22
2.2.4 Lærings- og arbeidsmiljø for lærlingar i Møre og Romsdal	22
3 Læringsresultat	28
3.1 Lokale mål	28
3.2 Vurderinga til skoleeigar	29
3.2.1 Meistring, støtte frå lærarane og fagleg utfordring	30
3.2.2 Læreplan for lærlingar	30
3.2.3 Karaktersnitt for elevar	31
3.2.4 Karaktergrunnlag frå grunnskolen	34
3.2.5 Internasjonalisering i vidaregåande opplæring	34
4 Gjennomføring	35
4.1 Lokale mål for gjennomføring	35
4.2 Vurderinga til skoleeigar	36
4.2.1 Gjennomføring i løpet av fem/seks år	40
4.2.2 Gjennomføring i løpet av fem/seks år, inkl. planlagt grunnkompetanse ..	41
4.2.3 Gjennomføring fordelt på utdanningsprogram	42
4.2.4 Framleis i opplæring av 2015-kullet	45
4.2.5 Fullført og bestått skoleåret 2021-22	46
4.2.6 Elevar som slutta i løpet av skoleåret	52
4.2.7 Aktivitet hos elevar som har slutta - ungdom i oppfølgingstenesta	56
4.2.8 Fråvær for elevar skoleåret 2021-22	57
4.2.9 Del greidde fag- og sveineprøver	60
4.2.10 Heva lærekontraktar	60

4.2.11	Inntak til dei vidaregåande skolane	62
4.3	Lokale mål for overgangar.....	63
4.3.1	Over halvparten av elevar og lærlingar høyrer til yrkesfaga	64
4.3.2	Elevar som går over i lære etter vg2.....	65
4.3.3	Karriererettleiing	71
4.3.4	Opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet	73
4.4	Lokale mål for tilbod til vaksne	75
4.4.1	Vidaregåande opplæring for vaksne	75
5	Leiing og profesjonsutvikling	77
5.1	Lokale mål	77
5.2	Vurderinga til skoleeigar	78
5.2.1	Oversikt over kompetanseutvikling	79
5.2.2	Grunnutdanning	80
5.2.3	Vidareutdanning for lærarar <i>Kompetanse for kvalitet</i>	80
5.2.4	Lærarspesialistordninga.....	80
5.2.5	Etterutdanning	80
5.2.6	Skolebasert etterutdanning	82
5.2.7	Etter- og vidareutdanning av leiarar.....	82
6	Ressursbruk	83
7	Arbeidet vidare.....	87

Merk at dokumentet er korrigert etter utsending til Yrkesopplæringsnemnda 01.11.2022. Endringar er gjort i tabellane på side 19, 83 og 84. I tillegg er det gjort endring i teksten i tredje avsnitt på side 38.

Forord

I fjor håpa vi i det lengste på ein meir normal opplæringskvardag etter to spesielle skoleår. I staden fekk vi eit skoleår med både gamle og nye utfordringar. Det blei ei ny pandemibølge ved årskiftet. Vi fekk så vidt lagt pandemikvardagen frå oss før det braut ut krig i Europa. Framtida verker med eitt mindre trygg og føreseieleg enn på lenge, men vi har gode føresetnader med etablerte samarbeid, ein trent omstillingsevne og ein stadig større kultur for nytenking og samskaping. Mykje godt har skjedd i året som har vore, utfordringar til trass.

Alt tyder på at skolar og lærarar tenker nytt og framtidsretta om vurderingspraksis. Vi ser at stadig fleire vurderingsformer legg opp til læring framfor måling, og at elevar får moglegheit til å vise kompetansane sine på fleire og meir varierte måtar enn før. Samarbeidet mellom skolane og Høgskulen i Volda om lokal kompetanseutvikling når stadig nye høgdar, og i dag blir vi trekt fram som eksempel på det gode UH og skolar kan få til når dei finn saman. Vi har fått på plass eit nytt og moderne kvalitetssystem innan skolemiljø og tek stadig fleire steg for å sikre ein inkluderande og god avgangsmarkering for åra som kjem. Også opplæring i bedrift har utarbeidd eit nytt kvalitetssystem.

Med læringsvilje og engasjement skal vi klare å tilpasse oss også i tida som kjem, og noko veit vi skal kome. Ny opplæringslov trer i kraft frå skolestart 2024. Saman skal vi også få til eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Gjennom fullføringsreforma skal vi kvalifisere fleire til arbeidslivet. Vi må arbeide på nye måtar for å sikre regionen kompetansane som trengst, no og i framtida, og her vil det vere heilt avgjerande med eit nært samarbeid med arbeidslivet.

God lesing!

Erik Brekken

Kariann D. Flovikholm

Hilde Aspås

Kompetanse- og næringsdirektør

Kompetansesjef

Nærings sjef

Samandrag

Kvalitetsmeldinga 2022 viser at kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal ligg på eit stabilt nivå, og det er samla sett få store endringar frå førre melding. Jamne tal frå år til år er eit uttrykk for systematisert og godt arbeid over tid.

Læringsmiljøet i skolane er i hovudsak godt, og dei aller fleste elevane trivst på skolane våre. Vi ser også at færre elevar vart mobba på dei vidaregåande skolane i fylket. Vi må arbeide vidare med *medverknad og elevdemokrati og vurdering for læring*, som er forbetningsområde vi har felles med dei andre fylka. Dei største endringane frå førre skoleår finn vi i lærlingundersøkinga. Her viser uønskt seksuell merksemd ei positiv utvikling, medan fleire indikatorar som blant anna trivsel, motivasjon og mobbing på arbeidsplassen viser ei negativ utvikling. I samarbeid med lærebedriftene må vi arbeide vidare for å trygge arbeidsmiljøet til lærlingane.

Læringsresultata viser at karaktersnittet ligg stabilt. Vi har det lågaste registrerte fråværet blant fylka, og færrest elevar utan vurderingsgrunnlag i fag, men tala må sjåast i lys av dei midlertidige reglane for fråvær knytte til Koronapandemien.

Stadig fleire gjennomfører vidaregåande opplæring, og tala for gjennomføring over fem/seks år er igjen rekordhøge. Det er nedgang i tala over elevar som fullfører og består skoleåret, men dette skjer etter to år med rekordtal. Vi er framleis på topp blant fylka. Vi ser at fleire elevar slutta i løpet av skoleåret, og at dei fleste av desse var elevar på vg1. Ein stor del av dei som slutta har teke permisjon, og er dermed sikra plass ved inntaket etter permisjonen. Det er eit mindre utslag blant dei med opplæring i bedrift. Ein stadig større del av elevane vel yrkesfag og fleire søkar seg ut i lære. Dette er ei positiv utvikling, då vi veit at næringslivet har stadig større behov for ny og ung kompetanse. Vi er det einaste fylket i landet som har auka talet på nye lærekontraktar dei fire siste åra.

Leiing og profesjonsutvikling må halde fram som eit særleg satsingsområde. Det er viktig at dette arbeidet er langsiktig og heilskapleg. Slik sikrar vi at skoleleiarar, tilsette, fagnettverk og samarbeidspartnarar får arbeide godt og systematisk over tid.

1 Innleiing

1.1 Om kvalitetsmeldinga og mål for opplæringa

Kvalitetsmeldinga 2022 er ein tilstandsrapport på kvaliteten til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune etter [Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2021-2025](#). Kvalitetsmeldinga gir retning og grunnlag for den vidare fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring, og sikrar skoleeigar føresetnader for å arbeide for ei heilskapleg kvalitetsutvikling. Kravet om årleg melding om tilstand er heimla i [opplæringslova § 13-3e](#), knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.


Det er Fylkestinget som er øvste ansvarleg for den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune, og Kvalitetsmeldinga skal sikre Fylkestinget dei kunnskapane som trengst for å følgje utviklinga i opplæringa på ein god måte. Årsmeldingane som er vedlagde gir også eit bilete av den enkelte skole, og greier ut om elevsamansetning, organisering, resultat og om korleis det blir arbeidd med kvalitetsutvikling og læringsmiljø på kvar skole. Årsmeldingane er også eit viktig utgangspunkt for dialogar og drøftingar om kvalitetsutvikling mellom skolane og skoleeigar, og dei er viktige i arbeidet med å gjere opplæringa best mogleg for elevane våre.

Data er henta frå SSB og Utdanningsdirektoratet, til dels gjennom IT-tenestene Hjernen&Hjertet og Qlik Sense. Tala viser resultat på det nasjonale og det fylkeskommunale nivået, medan årsmeldingane til skolane viser resultat og tal på skolenivå (sjå vedlegg). Delar av tala for skoleåret 2021-22 blir oppdaterte etter ferdigstillinga av kvalitetsmeldinga, og dette kan føre til små endringar i statistikken.

Delar av statistikken legg framleis den gamle fylkesinndelinga til grunn. Den nye fylkesinndelinga skapar også manglar i enkelte samanlikningar, fordi dei samanslåtte fylka ikkje har opparbeidd seg statistiske tal over tid. Delar av statistikken vil vere unntatt offentlegheita der det er fare for å kunne identifisere individ, og dette er eit personvernsomsyn.

1.2 Årshjul for kvalitetsarbeid

Arbeidet med kvaliteten i dei vidaregåande skolane skjer i tett dialog mellom skoleeigar og skoleleiarar. Årshjulet er eit uttrykk for dette, og viser korleis samarbeidet er forankra:




Figur 1: Årshjul for kvalitetsarbeid i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal fylkeskommune

Kvalitetsmeldinga og årsmeldingane frå skolane skapar grunnlag for blant anna leiardialogar, oppdragsavtalar mellom skoleeigar og skolar (jf. sak UD-7/14), handlingsplanar og fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring. Under eitt er kvalitetsmeldinga heilt sentral i det årlege kvalitetsarbeidet.

1.3 Om vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for 20 vidaregåande skolar. Skolestrukturen er desentralisert, med vidaregåande skolar i alle dei ulike regionane i fylket.

I tillegg har fylkeskommunen ansvar for fagskolen i Møre og Romsdal, med avdelingar i Kristiansund og Ålesund. Fagskolen rapporterer til fagskolestyret, og statistikk og tal for fagskolen er ikkje ein del av denne kvalitetsmeldinga.



Figur 2: Oversiktskart, vidaregåande skolar i Møre og Romsdal

I skoleåret 2021-22 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 9 116 elevar og 2 538 lærlingar og lære kandidatatar. Omlag 55 prosent av dei i vidaregåande opplæring høyrde til yrkesfaga, medan 45 prosent høyrde til studieførebuande utdanningsprogram. Den gjennomsnittlege skolestørleiken låg på 414 elevar. Dei to minste skolane er Tingvoll vgs med 77 elevar og Stranda vgs med 120 elevar. Størst er Ålesund vgs med 1 506 elevar. Utdanningssektoren har omlag 2 000 tilsette. Av desse har rundt 1 500 pedagogisk ansvar.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr opplæring i ordinære opplæringsløp, i tillegg til fleksible opplæringsløp. Fleksible opplæringsløp er regulert i lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling. I kvalitetsmeldinga inngår fleksible opplæringsløp i statistikken for utdanningsprogramma dei høyrer til.

Møre og Romsdal fylkeskommune har 472 godkjente sjølvstendige lærebedrifter og 1219 medlemsbedrifter i 39 godkjente opplæringskontor.

Fylkeskommunen er fagleg og administrativt ansvarleg for både grunnskoleopplæring og opplæring på vidaregåande nivå i kriminalomsorga. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for opplæringstilbod ved Hustad fengsel og Ålesund fengsel, opplæringa er knytt til Romsdal vgs og Borgund vgs. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for opplæring for barn og ungdom ved barneverns- og helseinstitusjonar.

Elevar mellom 16 og 21 år som ikkje er i opplæring, har lovfesta rett til å bli følgd opp av oppfølgingstenesta (OT). I Møre og Romsdal har vi 8 stillingar knytt til OT. Desse er fordelte på 16 rådgivarar rundt om i fylket.

2 Læringsmiljø

2.1 Lokale mål

Lokale mål for læringsmiljø i [Fylkesstrategi for kvalitet](#) (s. 4-5):

Resultatmål: Læringsmiljø som fremmer enda betre trivsel og læringsutbytte.

Arbeidet skal fremme læring, og gi elevane og lærlingane fagleg og sosial kompetanse for å kunne meistre liva sine. Det skal arbeidast systematisk med tilpassa opplæring, skole- og læringsmiljø, psykisk helse, klasseleiing, læreplanverket og vurderingspraksis, grunnleggande ferdigheiter og digital kompetanse.

Måleindikatorar

- Skåren for trivsel i elevundersøkinga skal vere minst 4,3¹
- Skåren for læringskultur i elevundersøkinga skal vere minst 4,1
- Skåren for vurderingspraksis i elevundersøkinga skal vere minst 3,5
- Mobbing i skolen skal vere 0 prosent
- Skåren for trivsel i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3
- Skåren for halvårsvurdering i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,4
- Mobbing og uønskt seksuell merksemd på arbeidsplassen skal vere 0 prosent

Resultatmål: Betre læringsutbytte gjennom aktiv deltaking.

Arbeid med elevdemokrati og medverknad skal fremme aktiv deltaking i opplæringa, elevane og lærlingane skal bli lytta til og involvert i eige læringsarbeid. Skoleleiinga skal aktivt involvere elevane og skoleutvala, for at elevane skal vere medspelarar i skolesamfunnet, og oppleve reell medverknad i eigen skolekvardag.

Måleindikatorar

- Skåren for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga skal vere minst 3,7
- Møter i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval
- Skåren for medverknad, rettleiing og eigenvurdering i lærlingundersøkinga skal vere minst 3,9

¹ I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.

2.2 Vurderinga til skoleeigar

Det er få endringar i resultatata frå elevundersøkinga, og resultatata er stabile. Dette er teikn på at læringsmiljøa framleis er gode, sjølv om skolekvardagen er påverka av pandemien. Det blir arbeidd godt med læringsmiljøfaktorar på dei vidaregåande skolane i fylket. Ein veit at gode læringsmiljø er ein viktig del av grunnlaget for læring og gjennomføring, og at trygge miljø er ein føresetnad for å hindre mobbing.

Elevundersøkinga viser at skolemiljøet er tryggare; færre elevar vart mobba. Vi ser også ei positiv utvikling innanfor indikatoren for *praktisk opplæring*, med ein auke på 0,1 poeng frå førre skoleår. Den positive utviklinga kan ha forklaring i arbeidet med fagfornyninga og at det er fokus på å bruke praktiske arbeidsmåtar i opplæringa.

Indikatoren for *innsats* har gått tilbake med 0,1 poeng frå førre skoleår. Det negative utslaget på indikatoren kan ha si forklaring i pandemien, som meir eller mindre har vore ein del av skolekvardagen dei tre siste skoleåra. I resultatata frå «koronamodulen» i Elevundersøkinga ser vi at over 60 prosent av elevane seier at pandemien har påverka skolekvardagen negativt.

Indikatorane for *elevdemokrati og medverknad og vurdering for læring* er framleis mindre tilfredsstillande, og viser at vi må halde stø kurs med arbeidet på desse områda. Sjølv om resultatata på indikatorane viser lita utvikling på fylkesnivå, blir det arbeidd godt med områda i profesjonsfelleskapa både i og på tvers av skolane. Fleire skolar kan vise til positiv utvikling i resultatata. Dialog og medverknad skaper lærelyst og er sentralt i arbeidet med vurdering for læring. Går vi inn på spørsmålsnivået i undersøkinga ser vi at elevane i større grad ønsker å vere involvert i eige læringsarbeid, og få tilbakemeldingar og hjelp frå lærarane for å utvikle seg fagleg. Elles ser vi at elevane opplever at lærarane legg godt til rette for deltaking i elevrådsarbeid og anna tillitsvaldsarbeid, men at dei ønsker å bli høyrde oftare.

I årsmeldingane har skolane rapportert på tal for møte i råd og utval som elevane har delteke i. Dei har også rapportert på tal over enkeltvedtak etter § 9 A-7 og aktivitetsplanar etter § 9 A-4. Vi ser at det må bli arbeidd meir med vurderingane for når

skolane skal lage aktivitetsplanar etter § 9 A-4, og dette blir derfor sentralt blant anna i samlingar som kompetansesjefen arrangerer for innsatsteama (SIM). Det er også behov for å sjå på korleis skolane aktivt kan involvere skolemiljøutvala og skoleutvala i arbeidet med læringsmiljø.

Vi ser fleire endringar frå førre skoleår i Lærlingundersøkinga og Lærebedriftsundersøkinga. Fleire av indikatorane i lærlingundersøkinga viser eit lågare nivå enn året før, men dei fleste ligg framleis på eit tilfredsstillande nivå. Sjølv om det har skjedd ein tilbakegang ser vi at lærlingane trivst godt og er motiverte for å lære på arbeidsplassen. Heile 88,3 prosent av lærlingane vil anbefale lærebedrifta si til andre som skal begynne i lære.

Indikatoren for *halvårsvurdering* har gått litt ned, men ligg framleis på eit høgt nivå. Halvårsvurderingar gir lærlingane moglegheit til å bli høyrde om opplevingane deira i læretida, som er viktig for å kvalitetssikre opplæringa dei får i bedriftene. Ein god praksis for halvårsvurderingar er også viktig for å kartlegge trivsel og sikre høgare grad av medverknad. Vi ser at indikatoren for *medverknad, rettleiing og eigenvurdering* er uendra, og ligg framleis på landsgjennomsnitt. Det blir arbeidd med å auke graden av medverknad for lærlingar i Møre og Romsdal, mellom anna skjer dette gjennom etablering av Lærlingråd i fylket.

Indikatoren for *mobbing* har hatt ei negativ utvikling frå førre år, men resultatet er betre enn landsgjennomsnittet. Halvårsvurdering er eit av fleire førebyggjande tiltak som kan fange opp om lærlingen opplever mobbing på arbeidsplassen. Det er viktig at halvårsvurderingar blir gjennomført, som ein del av arbeidet med å skape gode arbeidsmiljø for dei som har læretid i bedrift.

Vi ser at det er færre lærlingar som opplever *uønskt seksuell merksemd*, og at det er færre i vårt fylke enn elles i landet. I 2021 vart det utarbeidd ein plakat for å førebygge uønskt seksuell merksemd. Arbeidet skjedde i samarbeid med Ungdomspanelet. Plakaten vart sendt til alle lærebedriftene i Møre og Romsdal. Målet var å skape medvit og fokus på kva uønskt seksuell merksemd er, og korleis ein kan fremme gode

arbeidsmiljø i lærebedriftene. Dette kan ha bidratt til den positive utviklinga på indikatoren.

2.2.1 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga greier ut om læringsmiljøet til elevar i vidaregåande opplæring. Undersøkinga tek føre seg læring og trivsel, og gir elevane moglegheit til å bli høyrde om korleis dei opplever skolekvardagen. Elevundersøkinga er også eit kartleggingsverktøy for skolane og skoleeigar, og er ein sentral målestokk i arbeidet med kvaliteten til opplæringa.

I Møre og Romsdal blir alle elevar tilbydd å svare på undersøkinga. Det er undersøkinga frå skoleåret 2021-22 som ligg til grunn for Kvalitetsmeldinga, og undersøkinga omhandlar alle dei offentlege vidaregåande skolane i fylket frå denne perioden.

Svarprosenten er på 80,0 prosent, og dette er ein nedgang på 4,1 prosentpoeng frå førre skoleår. Til samanlikning ligg det nasjonale snittet på 79,9 prosent. Undersøkinga vart gjennomført i perioden 1. oktober 2021 til 20. desember 2021.

I elevundersøkinga finn vi samla sett få endringar frå førre skoleår, og dei endringane vi har er små. Indikatoren for *innsats* går ned med 0,1 poeng og indikatoren for *praktisk opplæring* går opp med 0,1 poeng samanlikna med førre år. Samanlikna med fylka skårar vi 0,1 poeng lågare på indikator for *elevdemokrati og medverknad*. På indikatorane for *motivasjon, meistring, læringskultur, utdanning og yrkesretteiing og relevant opplæring* skårar vi 0,1 poeng høgare i Møre og Romsdal enn gjennomsnitt i dei andre fylka.

Det er viktig å presisere at desse resultatane er samanfatta, og viser til gjennomsnittet til skolane i fylket. Ein kan likevel finne resultatane til den enkelte skole i årsmeldingane. Desse ligg som vedlegg til kvalitetsmeldinga.

Overblikk



Figur 3: Overblikk over indikatorene i Elevundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet²:

² Skalaen går frå 1-5, der 5 er høgaste skår. Tilfredsstillande kvalitet er grøn og ligg på 4,0. For nokre spørsmål er gjennomsnittet for langt unna 4,0 og fargekodane er derfor tilpassa grenseverdien for spørsmåla. Under samanlikningar viser grøn pil til positiv utvikling, raud pil til negativ utvikling, og grå pil inga utvikling. Samanlikningar mot andre fylke: grøn pil viser betre resultat i Møre og Romsdal enn gjennomsnitt av fylka, raud pil viser dårlegare resultat i Møre og Romsdal enn gjennomsnitt av fylka, og grå pil viser til same resultat. Pil rett opp viser signifikant utvikling, pil rett ned viser signifikant nedgang, og pil rett bort viser inga utvikling.

Vidare i kapittelet vil vi greie ut om resultatene for nokre av indikatorane og gå i djupna på svarfordelingane på fylkesnivå.

Trivsel

Elevundersøkinga viser at trivselen er god, men at det er rom for forbetring. Indikatoren for trivsel skårar 4,2 poeng, den er stabil og ligg på landsgjennomsnitt. Den ligg 0,1 poeng under det lokale målet på 4,3.

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	4,2	4,2	4,2	4,2

Figur 4: Trivsel, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Trivsel er ein viktig bidragsytar til eit godt læringsmiljø. Trivsel er også viktig for det psykososiale miljøet til elevane. Elevundersøkinga viser ein klar samanheng mellom eit godt miljø på ei side, og stor grad av motivasjon og innsats på annan side. Dei aller fleste elevane trivst, 97,4 prosent. Vi har ein liten positiv trend, og samanlikna med det nasjonale nivået ligg vi på gjennomsnittet. I årsmeldingane til skolane kan ein lese meir om arbeidet til skolane med å skape inkluderande haldningar og gode, trygge læringsmiljø.


Mobbing på skolen

Vi ser at færre elevar vart mobba på dei vidaregåande skolane i fylket. Det skal vere nulltoleranse for mobbing i dei vidaregåande skolane, og målet er at ingen elevar skal oppleve å bli mobba. Utviklinga i mobbetalet er ein del av ein langvarig positiv trend, og mobbetalet for vårt fylke ligg godt under landsgjennomsnittet (sjå neste side):

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Møre og Romsdal 2018-19	Alle fylker 2021-22
Total	2,3	2,9	3,2	3,7	3,0

Figur 5: Mobbing, utvikling over tid, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Vi ser ei betring av resultat på alle spørsmåla om mobbing i undersøkinga:



Figur 6: Mobbing på skolen, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Læringskultur

Indikator for læringskultur ligg stabilt på same resultat som førre skoleår, og svarar på det lokale målet på 4,1. Indikatoren viser 0,1 poeng betre resultat i Møre og Romsdal enn landsgjennomsnittet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	4,1	4,1	4,0	4,0

Figur 7: Læringskultur, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Det er spørsmålet om god arbeidsro i timane som har høgare skår i Møre og Romsdal enn i dei andre fylka. Dei andre spørsmåla ligg på same nivå som i dei andre fylka (sjå neste side):

	Heilt einig	Litt einig	Verken einig eller ueinig	Litt ueinig	Heilt ueinig	Snitt M&R	Snitt Nasjonalt
Det er god arbeidsro i timane							
2021-22	34,9 %	39,2 %	16,6 %	6,9 %	2,4 %	4,0	3,6
I klassen min synest vi det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet							
2021-22	25,2 %	42,0 %	24,6 %	6,3 %	1,9 %	3,8	3,8
Lærarane mine synest det er greitt at vi elevar gjer feil fordi vi kan lære av det							
2021-22	53,5 %	33,2 %	10,3 %	2,2 %	0,7 %	4,4	4,4

Figur 8: Læringskultur. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Innsats

Indikator for innsats viser ei negativ utvikling. Samanlikna med førre skoleår har indikatoren gått ned med 0,1 poeng og ligg no på landsgjennomsnittet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	3,8	3,9	3,9	3,8

Figur 9: Innsats, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet

For spørsmålet om elevane prioriterer å bruke tid på skolearbeidet er resultata omtrent dei same som førre skoleår. Det er på spørsmålet om elevane fortset å jobbe sjølv om det dei skal lære er vanskeleg at vi ser ei negativ utvikling. Resultatet for dette spørsmålet går ned med 0,1 poeng:

	I alle eller dei fleste fag	I mange fag	I nokre fag	I svært få fag	Ikkje i noko fag	Snitt M&R
Prioriterer du å bruke tid på skolearbeidet (både i timane og lekser)?						
2021-22	25,9 %	36,0 %	27,8 %	8,6 %	1,8 %	3,8
2020-21	26,7 %	35,7 %	28,5 %	7,6 %	1,4 %	3,8
	Heilt einig	Litt einig	Verken einig eller ueinig	Litt ueinig	Heilt ueinig	Snitt
Når eg arbeider med skolefag, fortset eg å jobbe sjølv om det eg skal lære er vanskeleg						
2021-22	29,9 %	44,2 %	17,8 %	6,4 %	1,8 %	3,9
2020-21	31,0 %	44,3 %	16,9 %	6,0 %	1,8 %	4,0

Figur 10: Innsats. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Arbeidsforhold og læring

Spørsmåla knytte til arbeidsforhold og læring tek blant anna føre seg dei praktiske arbeidsmåtane, samarbeidet og variasjonen i opplæringa. Samanlikna med førre skoleår ser vi no ein liten auke i at to og to elevar jobbar saman, og i bruken av gruppearbeid og prosjektarbeid.

Resultata samla sett er uttrykk for variasjon i bruken av arbeids- og undervisningsmetodar. Det er viktig å vere klar over at opp til fleire arbeidsmetodar kan bli brukt i ein enkel time, og at ein derfor må sjå svara i samanheng med dei andre. For eksempel er det vanleg å starte og avslutte timane felles, men bruke ulike arbeidsmåtar i tida mellom.

	Kvar time	Kvar dag	Fleire gonger i veka	1-3 gonger i månaden	Sjeldnare	Snitt M&R
Kor ofte bruker du PC/data/Internett i skolearbeidet?						
2021-22	35,2 %	50,0 %	13,9 %	0,7 %	0,3 %	4,2
2020-21	33,7 %	52,9 %	12,4 %	0,6 %	0,4 %	4,2
Kor ofte bruker de følgande arbeidsformer:						
Læraren underviser klassen samla						
2021-22	51,0 %	39,6 %	8,5 %	0,6 %	0,3 %	4,4
2020-21	53,4 %	38,8 %	6,9 %	0,5 %	0,5 %	4,4
Samtale/diskusjon mellom lærarar og elevar:						
2021-22	15,6 %	33,0 %	30,8 %	15,3 %	5,4 %	3,4
2020-21	15,8 %	34,1 %	30,7 %	14,2 %	5,3 %	3,4
Elevane jobbar åleine						
2021-22	12,6 %	51,5 %	31,9 %	2,7 %	1,3 %	3,7
2020-21	12,6 %	53,3 %	30,3 %	2,3 %	1,6 %	3,7
To og to elevar jobbar saman						
2021-22	6,1 %	28,9 %	52,9 %	9,8 %	2,3 %	3,3
2020-21	5,5 %	28,4 %	52,7 %	10,6 %	2,8 %	3,2
Gruppearbeid (ikkje prosjektarbeid)						
2021-22	3,7 %	11,9 %	48,2 %	29,9 %	6,3 %	2,8
2020-21	3,2 %	11,2 %	47,2 %	31,2 %	7,1 %	2,7
Prosjektarbeid						
2021-22	2,9 %	6,3 %	23,4 %	47,8 %	19,6 %	2,3
2020-21	2,8 %	5,2 %	21,8 %	48,4 %	21,7 %	2,2

Figur 11: Arbeidsforhold og læring. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Praktisk opplæring

Vi ser ein auke i indikator for praktisk opplæring. Indikatoren viser ei jamn og fin utvikling og ligg no på same nivå som landsgjennomsnittet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	3,4	3,3	3,3	3,4

Figur 12: Praktisk opplæring, utvikling over tid. Kjelde: Hjernens&Hjertet

Vi ser ei lita positiv endring i elevar som svarar at lærarane legg til rette for praktiske arbeidsmåtar. Med bakgrunn i fagfornyninga blir det forventa at indikatoren utviklar seg i positiv retning i åra framover:

	I alle eller dei fleste fag	I mange fag	I nokre fag	I svært få fag	Ikkje i noko fag	Snitt M&R
Lærarane legg til rette for at eg kan bruke praktiske arbeidsmåtar (for eksempel lage modellar, bruke måleinstrument, rollespel og liknande)						
2021-22	18,0 %	29,4 %	29,4 %	18,5 %	4,6 %	3,4
2020-21	17,0 %	28,6 %	30,7 %	18,8 %	5,0 %	3,3

Figur 13: Praktisk opplæring. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Vurdering for læring

God vurderingspraksis bidrar til å fremme lærelyst og læring hos elevane. Indikatoren viser inga endring frå førre skoleår og ligg 0,1 poeng under det lokale målet på 3,5. Vi ligg framleis på landsgjennomsnittet med ein mindre tilfredsstillande kvalitet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	3,4	3,4	3,4	3,4

Figur 14: Vurdering for læring, utvikling over tid. Kjelde: Hjernens&Hjertet

Vi ser at spørsmåla om tilbakemelding og hjelp frå lærar for å utvikle seg i faget og medverknad i vurderingsarbeidet har lågast skår. Dette er område innanfor vurderingspraksisen som det må arbeidast meir med:

	I alle eller dei fleste fag	I mange fag	I nokre fag	I svært få fag	Ikkje i noko fag	Snitt Møre og Romsdal
Forklarar lærarane kva som er måla i dei ulike faga slik at du forstår dei?						
2021-22	23,4 %	44,1 %	26,2 %	5,4 %	0,9 %	3,8
Forklarer lærarane godt nok kva det blir lagt vekt på når skolearbeidet ditt blir vurdert?						
2021-22	23,9 %	43,2 %	26,0 %	5,8 %	1,1 %	3,8
Fortel lærarane deg kva som er bra med arbeidet du gjer?						
2021-22	24,0 %	39,7 %	26,7 %	8,1 %	1,5 %	3,8
Snakkar lærarane med deg om kva du bør gjere for å bli betre i faga?						
2021-22	20,3 %	35,1 %	30,4 %	11,6 %	2,6 %	3,6
Kor ofte får du tilbakemeldingar frå lærarane som du kan bruke til å bli betre i faga?						
	Fleire gonger i veka	1 gong i veka	1-3 gonger i månaden	2-4 gonger i halvåret	Sjeldnare	Snitt Møre og Romsdal
2021-22	13,9 %	26,4 %	40,1 %	15,0 %	4,6 %	3,3
	I alle eller dei fleste fag	I mange fag	I nokre fag	I svært få fag	Ikkje i noko fag	Snitt Møre og Romsdal
Får du vere med og foreslå kva det skal leggast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?						
2021-22	10,5 %	22,2 %	32,8 %	23,7 %	10,8 %	3,0
Får du vere med og vurdere skolearbeidet ditt?						
2021-22	8,2 %	17,9 %	32,0 %	29,5 %	12,4 %	2,8
Eg får hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis eg utviklar meg i faget						
2021-22	13,1 %	26,1 %	36,6 %	18,5 %	5,6 %	3,2

Figur 15: Vurdering for læring. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevdemokrati og medverknad

Indikatoren for elevdemokrati og medverknad viser inga utvikling frå førre skoleår. Den ligg 0,2 poeng under det lokale målet og 0,1 poeng under landsgjennomsnittet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	3,5	3,5	3,5	3,6

Figur 16: Elevdemokrati og medverknad, utvikling over tid. Kjelde: Hjernem&Hjertet

Svarfordelinga er i stor grad den same som førre skoleår:

Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide med faga?							
	Ikkje i noko fag	I svært få fag	I nokre fag	I mange fag	I alle eller dei fleste fag	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
2021-22	3,5 %	16,0 %	39,5 %	28,7 %	12,2 %	3,3	3,2
2020-21	3,7 %	16,8 %	39,1 %	29,0 %	11,4 %	3,3	3,2
Legg lærarane til rette for at de elevar kan delta i elevrådsarbeid og anna arbeid som tillitsvald?							
	Ikkje i det heile	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
2021-22	1,5 %	6,6 %	26,9 %	39,5 %	25,4 %	3,8	3,9
2020-21	1,6 %	6,6 %	28,0 %	39,2 %	24,7 %	3,8	3,9
Høyrrer skolen på forslaga til elevane?							
	Aldri	Sjeldan	Av og til	Ofte	Svært ofte eller alltid	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
2021-22	2,6 %	11,1 %	43,7 %	31,3 %	11,3 %	3,4	3,5
2020-21	2,7 %	10,6 %	42,6 %	32,7 %	11,4 %	3,4	3,5
Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassen/gruppa?							
	Aldri	Sjeldan	Nokre gonger	Ofte	Alltid	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
2021-22	5,0 %	11,7 %	28,8 %	34,5 %	20,1%	3,5	3,7
2020-21	4,8 %	11,6 %	28,2 %	34,8 %	20,6 %	3,5	3,8

Figur 17: Elevdemokrati og medverknad. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevane er delte om korleis dei vart påverka av pandemien

I elevundersøkinga i 2021 svarte elevane også på ein «koronamodul» om korleis pandemien påverka skolekvardagen. Over 60 prosent svarar at pandemien har påverka skolekvardagen negativt i større eller mindre grad. Resultata er omtrent som på landsbasis. Over 50 prosent svarte at pandemien har påverka skolekvardagen positivt i større eller mindre grad.

	Nei, ikke i det hele tatt	Ja, litt	Ja, en del	Ja, mye	Ja, veldig mye	Gjennomsnitt
"Koronapandemien påvirker skolehverdagen min negativt"	36,4% (2591)	34,5% (2455)	14,6% (1041)	7,2% (513)	7,2% (510)	3,9 (7110)
	Nei, ikke i det hele tatt	Ja, litt	Ja, en del	Ja, mye	Ja, veldig mye	Gjennomsnitt
"Koronapandemien påvirker skolehverdagen min positivt"	45,6% (3211)	33,7% (2374)	11,6% (815)	4,6% (322)	4,5% (317)	1,9 (7039)

Figur 18: Koronapandemien. Kjelde: Hjernens&Hjertet

2.2.2 Læringsmiljø - HMS for elevar

Godt og trygt læringsmiljø, tett oppfølging, tilpassa opplæring, medverknad og karriererettleiing er viktige faktorar som bidrar til at elevane gjennomfører opplæringa. Det blir lagt stor vekt på arbeid med psykososialt læringsmiljø på skolane, og arbeidet blir rapportert på i årsmeldingane. Alle skolane har innsatsteam mot mobbing, som skal sikre at saker blir handtert på ein god måte, og at det blir arbeidd systematisk med det førebyggjande arbeidet.

Årsmeldingane til skolane for skoleåret 2021-22 viser at det vart gjort 0 enkeltvedtak om det fysiske miljøet etter § 9 A-7 i opplæringslova. Det vart utarbeidd 48 aktivitetsplanar etter § 9 A-4. Skoleåret 2021-22 vart det gjennomført meir enn 150 møter i elevråda på skolane. Fleire av skolane har også hatt jamlege møter med elevrådsstyra i tillegg. Det vart gjennomført 47 møter i skolemiljøutvala, og 44 møter i skoleutvala. Resultata frå årsmeldingane viser at det har vore ein nedgang i talet på møter i utvala, og i talet på enkeltvedtak (§ 9 A-7) og aktivitetsplanar (§9 A-4).

2.2.3 Undervisningsevalueringa

I 2014 vedtok Fylkestinget ei årleg evaluering av undervisinga i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Målet med denne er at lærarar og elevar skal reflektere saman over resultata, og over korleis ein skapar god læring. Undervisningsevalueringa er eit verktøy i arbeidet med kvalitetsutvikling. Resultata blir brukte i utviklingsarbeid mellom lærarar og undervisningsgrupper, og mellom lærarar og avdelingsleiarar.

2.2.4 Lærings- og arbeidsmiljø for lærlingar i Møre og Romsdal

Lærlingundersøkinga og lærebedriftsundersøkinga vart gjennomførte i 2021 mellom 15. oktober og 20. desember. Svarprosenten på lærlingundersøkinga er på 59,7 prosent, og dette er ein nedgang på 3,7 prosent frå førre undersøking. Svarprosenten ligg framleis noko over landsgjennomsnittet på 58,3 prosent. 723 lærlingar svarte på undersøkinga, av 1212 inviterte³. I lærebedriftsundersøkinga har vi ennå den høgaste svarprosenten blant fylka, og på fjerde år på rad, med 78 prosent. Dette er det same nivået som året før, og ligg godt over det nasjonale snittet på 53 prosent. 775 av 989 svarte på lærebedriftsundersøkinga i 2021.


Undersøkingane blir følgde opp av rådgivarane på kompetanse- og næringsavdelinga, opplæringskontora og dei ulike lærebedriftene. Skoleeigar arrangerer mellom anna årlege samlingar for både 2. årslærlingar og 1. årslærlingar. I 2021 vart samlinga for 2. årslærlingar erstatta med ein film om førebuing til fagprøve grunna koronapandemien, men 1. årslærlingane fekk vere med på ei fysisk samling hausten 2021. Temaet for denne samlinga var overgangen frå elev til lærling.

[Her kan du lese meir om lærlingundersøkinga \(udir.no\)](https://udir.no)

³ Utvalet i undersøkinga er alle lærlingar som har vore i lære i meir enn 11 månader per 1. oktober 2021

Overblikk

Overblikket viser positiv utvikling på ein indikator, *uønskt seksuell merksemd*, som er redusert med 0,2 prosent samanlikna med førre undersøking. Den viser og 0,4 prosent betre resultat enn landsgjennomsnittet. Seks indikatorar svekka seg med 0,1 poeng; *yrkesfagleg fordjuping, motivasjon, trivsel, helse, miljø og sikkerheit (HMS), læreplan og halvårsvurdering*. *Mobbing* går opp med 0,3 prosent, men viser 0,2 prosent betre resultat enn landsgjennomsnittet. Elles ligg indikatorane på landsgjennomsnittet.



Figur 19: Overblikk over indikatorar i lærlingundersøkinga, gjennomsnitt. Kjelde: Hjernen&Hjertet⁴

⁴ Skalaen går frå 1-5, der 5 er høgaste skår. Tilfredsstillande kvalitet er grøn og ligg på 4,0. For nokre spørsmål er gjennomsnittet for langt unna 4,0 og fargekodane er derfor tilpassa grenseverdien for spørsmåla. Resultata er samanlikna med fylka som gjennomfører undersøkingane. Grøn pil viser at skåren i Møre og Romsdal er betre enn gjennomsnitt av fylka, raud pil viser dårlegare skår, og grå pil viser til same resultat. Pil rett opp viser signifikant utvikling, pil rett ned viser signifi kant nedgang, og pil rett bort viser inga utvikling.

Trivsel

Lærlingundersøkinga viser ein stor grad av trivsel hos lærlingane i Møre og Romsdal. Spørsmåla blei endra i 2020, så ein kan derfor berre samanlikne resultatane frå førre undersøking. Vi ser at indikatoren ligg lågare enn førre år, og 0,1 poeng under det lokale målet som er på 4,3. Men skåren på indikatoren ligg på landsgjennomsnitt og viser at trivselen er godt forankra på eit tilfredsstillande nivå. 88,3 prosent av lærlingane kan anbefale bedrifta si til andre som skal begynne læretida innanfor same fagområde, dette er ei auke frå 87,5 prosent året før:

	Møre og Romsdal 2021	Møre og Romsdal 2020	Alle fylker 2021
Total	4,2	4,3	4,2

Figur 20: Trivsel, utvikling over tid, gjennomsnitt, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
Tenk tilbake på dei siste tre månadene i bedrifta når du svarar på:							
I kva grad trivst du på arbeidsplassen?							
2021	1,3 %	3,9 %	10,0 %	35,8 %	48,9 %	4,27	4,27
2020	1,5 %	2,7 %	8,0 %	32,9 %	55,0 %	4,37	4,30
I kva grad trivs du med kollegaene dine?							
2021	0,6 %	2,7 %	8,2 %	29,8 %	58,8 %	4,44	4,44
2020	1,1 %	1,1 %	5,4 %	29,5 %	59,4 %	4,52	4,47
I kva grad trivs du med dine kundar/leverandørar/pasientar?							
2021	-	-	21,1 %	41,4 %	36,2 %	4,12	4,16
2020	0,7 %	1,1 %	19,4 %	38,0 %	40,8 %	4,17	4,20
I kva grad er du fornøgd med opplæringa du har fått på arbeidsplassen så langt?							
2021	3,7 %	5,9 %	14,7 %	39,5 %	36,2 %	3,99	4,01
2020	2,5 %	4,8 %	12,7 %	40,1 %	39,9 %	4,10	4,04

Figur 21: Trivsel blant lærlingane i fylket, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Kan du anbefale denne bedrifta til andre som skal begynne læretida på ditt fagområde?	Ja	Nei
2021 Møre og Romsdal	88,3 %	11,7 %
2021 Nasjonalt	87,4 %	12,6 %
2020 Møre og Romsdal	87,5 %	12,5 %
2020 Nasjonalt	87,7 %	12,3 %

Figur 22: Anbefaling av lærebedrift, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Medverknad, rettleiing og eigenvurdering

Resultata i Lærlingundersøkinga for medverknad, rettleiing og eigenvurdering svarar til det lokale målet og ligg på landsgjennomsnitt. Lærlingar blir stort sett involverte i planlegging og vurdering av arbeidet deira:

	Møre og Romsdal 2021	Møre og Romsdal 2020	Alle fylker 2021
Total	3,9	3,9	3,9

Figur 23: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
Det er truleg fleire som deltar og bidrar inn i opplæring di, for eksempel fagleg leiar, instruktør og andre kollegaer. I påstandane under ber vi deg vurdere opplæringa samla.							
I kva grad deltar du i planlegginga av arbeidet ditt?							
2021	3,8 %	8,3 %	18,7 %	46,6 %	22,5 %	3,76	3,74
2020	3,9 %	8,4 %	20,2 %	41,8 %	25,7 %	3,77	3,74
I kva grad deltar du i vurdering av arbeidet ditt?							
2021	2,7 %	6,1 %	19,6 %	48,6 %	23,0 %	3,83	3,88
2020	2,0 %	6,7 %	18,7 %	46,9 %	25,8 %	3,88	3,87
I kva grad klarer du sjølv å avgjere om du har løyst ei arbeidsoppgåve på ein fagleg god måte?							
2021	1,4%	1,8 %	11,7 %	56,5 %	28,6 %	4,09	4,10
2020	-	-	12,1 %	55,9 %	30,4 %	4,15	4,11
I kva grad får du tilbakemelding på arbeidet ditt, slik at du kan bli betre i faget?							
2021	2,9 %	7,0 %	13,5 %	46,9 %	29,6 %	3,93	3,94
2020	2,5 %	6,3 %	12,0 %	47,0 %	32,1 %	4,00	3,96
I kva grad får du hjelp og støtte i arbeidet du gjer dersom du treng det?							
2021	1,7 %	2,4 %	8,9 %	39,0 %	48,0 %	4,29	4,28
2020	0,8 %	3,2 %	7,2 %	36,4 %	52,4 %	4,36	4,31
I kva grad dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok, logg, nettside, mobil, app eller liknande?							
2021	10,7 %	13,6 %	22,5 %	35,5 %	17,7 %	3,36	3,44
2020	9,7 %	15,2 %	21,5 %	32,5 %	21,1 %	3,40	3,43

Figur 24: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Resultata frå Lærebedriftsundersøkinga speglar i stor grad dei frå Lærlingundersøkinga. Samanlikna med førre år ser vi ei lita forbetring i resultat på alle spørsmål:

	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling (forskrift til opplæringslova § 3-12).							
I kva grad deltar lærlingen i planlegging av eige arbeid?							
2021	-	-	15,6 %	61,6 %	14,3 %	3,82	3,85
2020	0,9 %	8,2 %	12,7 %	65,1 %	13,0 %	3,81	3,84
I kva grad deltar lærlingen i vurdering av eige arbeid?							
2021	-	-	11,6 %	65,6 %	20,1 %	4,03	4,05
2020	-	-	14,7 %	65,0 %	17,2 %	3,96	4,04
I kva grad er lærlingen kjent med kva som blir vektlagt når de vurderer utført arbeid?							
2021	-	-	9,4 %	63,3 %	25,7 %	4,13	4,17
2020	-	-	11,1 %	63,3 %	23,7 %	4,08	4,17
I kva grad får lærlingen tilbakemelding på gjennomførte arbeidsoppgåver?							
2021	0,0 %	0,5 %	4,4 %	59,3 %	35,8 %	4,30	4,32
2020	-	-	5,8 %	60,8 %	32,4 %	4,25	4,31

Figur 25: Medverknad, rettleiing og eigenvurdering, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Halvårsvurdering

Indikatoren for halvårsvurdering viser ein liten nedgang frå førre år, men ligg framleis på eit høgt nivå. Indikatoren ligg på landsgjennomsnittet, men ligg under det lokale målet som er på 4,4:

	Møre og Romsdal 2021	Møre og Romsdal 2020	Alle fylker 2021
Total	4,3	4,4	4,3

Figur 26: Halvårsvurdering, utvikling over tid, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

	Passer svært dårleg	Passer nokså dårleg	Passer verken godt eller dårleg	Passer nokså godt	Passer svært godt	Snitt Møre og Romsdal	Snitt nasjonalt
Kor godt passar desse utsegna for dei planlagde samtalanene?							
Vi snakkar om korleis eg trivst							
2021	1,1 %	1,7 %	9,1 %	36,8 %	51,3 %	4,35	4,42
2020	-	-	5,9 %	30,6 %	62,2 %	4,53	4,44
Vi snakkar om min faglege prestasjon							
2021	0,6 %	0,8 %	8,3 %	41,9 %	48,5 %	4,37	4,40
2020	-	-	6,7 %	33,9 %	58,5 %	4,50	4,42
Vi snakkar om kva eg skal gjere for å bli betre i faget							
2021	1,1 %	2,6 %	10,7 %	42,7 %	42,9 %	4,23	4,29
2020	0,8 %	2,5 %	10,3 %	34,2 %	52,3 %	4,35	4,31
Vi planlegg kva for arbeidsoppgåver eg skal arbeide med til neste samtale							
2021	1,9 %	4,5 %	16,9 %	38,8 %	37,9 %	4,06	4,10
2020	1,3 %	4,2 %	16,0 %	36,0 %	42,5 %	4,14	4,10

Figur 27: Halvårsvurdering, innhald, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Vi ser ei positiv utvikling i at fleire har fått halvårsvurderingar, og at det er færre som ikkje får samtalanene oppsummerte skriftleg:

	Ja	Ja, men ikkje kvart halvår	Nei
Bedrifta skal minst ein gong kvart halvår ha ein planlagt samtale med lærlingen om fagleg utvikling. Dette kallast ofte halvårsvurdering. Har du hatt planlagde samtalar med ein i bedrifta eller opplæringskontoret minst ein gong kvart halvår, der de går gjennom kva du har lært og kva du skal lære framover?			
2021 Møre og Romsdal	75,7 %	16,8 %	7,5 %
2021 Nasjonalt	71,4 %	19,8 %	8,8 %
2020 Møre og Romsdal	70,2 %	21,1 %	8,7 %
2020 Nasjonalt	70,7 %	19,8 %	9,4 %
Fekk du ein skriftleg oppsummering frå samtalen?			
	Ja	Ja, men ikkje kvar gong	Nei
2021 Møre og Romsdal	64,1 %	12,0 %	23,9 %
2021 Nasjonalt	61,3 %	11,9 %	26,8 %
2020 Møre og Romsdal	66,3 %	9,2 %	24,5 %
2020 Nasjonalt	61,1 %	11,1 %	27,8 %

Figur 28: Halvårsvurdering, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

3 Læringsresultat

3.1 Lokale mål

Lokale mål for læringsresultat i [Fylkesstrategi for kvalitet](#) (2021-2025, s. 6):

Resultatmål: Opplæringa skal førebu til deltaking i arbeid og fellesskap i samfunnet

Opplæringa skal føre til at elevane og lærlingane med bakgrunn i eigne føresetnader skal utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar for deltaking i samfunns- og arbeidsliv.

Måleindikatorar:

- Skåren for meistring i elevundersøkinga skal vere minst 4,2⁵
- Skåren for støtte frå lærar i elevundersøkinga skal vere minst 4,1
- Skåren for fagleg utfordring i elevundersøkinga skal vere minst 4,4
- Skåren for læreplan i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,0

Resultatmål: Meire internasjonalisering i vidaregåande opplæring

Internasjonalisering er ein del av opplæringa. Skolane og lærebedriftene skal legge til rette for at elevar og lærlingar kan delta i ulike internasjonaliseringsprogram, eller på anna måte skaffe seg internasjonal erfaring.

Måleindikatorar:

- Alle skolar har deltatt i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/Erasmus+ eller EØS
- Lærlingar skal ha moglegheit til å få internasjonal erfaring gjennom EU/Erasmus+ eller EØS prosjekt.

⁵ I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorene 1 til 5, der 5 er høgaste skår.

3.2 Vurderinga til skoleeigar

Resultat frå Elevundersøkinga viser at elevane opplever høg grad av meistring i opplæringa. Elevane opplever også god støtte frå lærarane og høg grad av fagleg utfordring. Dette er teikn på ei godt tilpassa opplæring. Ei godt tilpassa opplæring sikrar motivasjon, og dannar grunnlag for meistring og fagleg utvikling for alle elevar. I overblikket til elevundersøkinga ser vi at elevane også opplever høg grad av motivasjon.

Resultata frå Lærlingundersøkinga for indikator for læreplan viser at det er færre lærlingar som får ein intern plan frå lærebedrifta. I samarbeid med lærebedriftene må ein arbeide for at alle lærlingar får ei plan for opplæringa dei skal ha.

Karaktersnittet for elevane i dei vidaregåande skolane ligg samla sett stabilt, med 4,20 poeng for skoleåret 2021-22. Karaktersnittet viste ei stor auke frå skoleåret 2018-19 til skoleåret 2019-20, og har etter det stabilisert seg på eit høgt nivå. Vi kan vise til ein marginal nedgang frå førre skoleår, men ligg litt over gjennomsnittet for fylka. Det er som vanleg svingingar i karaktersnittet mellom utdanningsprogram, men få store utslag. Kjønnforskjellane er dei same som tidlegare, men med små utjamnande endringar.

Internasjonale aktivitetar og prosjekt vart prega av koronapandemien. Fleire planlagde aktivitetar vart avlyst, som blant anna førte til at lærlingar ikkje fekk gjennomført læretid i utlandet. Aktiviteten på skolane vart også redusert, men tross utfordringar fekk nær halvparten av skolane gjennomført internasjonale aktivitetar på slutten av skoleåret. Langt fleire elevar, lærlingar og tilsette er forventa å ta del i internasjonale prosjekt skoleåret 2022-23.

3.2.1 Meistring, støtte frå lærarane og fagleg utfordring

Resultata for meistring, støtte frå lærarane og fagleg utfordring er gode. Tala er stabile og viser inga endring frå førre undersøking. Indikatoren for meistring skårar 0,1 poeng høgare enn landsgjennomsnittet, men ligg 0,2 poeng under det lokale målet som er på 4,2. Indikatorane for støtte frå lærarane og fagleg utfordring viser same skår som landsgjennomsnittet og svarar på dei lokale måla som er 4,1 for støtte frå lærarane og 4,4 for fagleg utfordring. Sjå fleire resultat frå Elevundersøkinga under kapittel om Læringsmiljø.

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Alle fylker 2021-22
Meistring	4,0	4,0	3,9
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,1
Fagleg utfordring	4,4	4,4	4,4

Figur 29: Meistring, støtte frå lærarane og fagleg utfordring, utvikling over tid, Elevundersøkinga.

Kjelde: Hjernen&Hjertet

3.2.2 Læreplan for lærlingar

Det er lovpålagt at lærebedriftene skal ha ein plan for det lærlingen skal lære i bedrifta. Planlagde samtalar (halvårsvurdering) bør inngå i plana. Vi ser at indikatoren for læreplan i lærlingundersøkinga har svekka seg med 0,1 poeng frå førre år, og viser no same resultat som landsgjennomsnittet. Indikatoren ligg 0,1 poeng under det lokale målet som er på 4,0.

	2021	2020	Alle fylker 2021
Total	3,9	4,0	3,9

Figur 30: Læreplan, utvikling over tid, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet


3.2.3 Karaktersnitt for elever

Tala viser oss at karaktersnittet totalt sett ligg på eit stabilt nivå, men har gått litt ned samanlikna med skoleåret 2020-21. Møre og Romsdal fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet:



Figur 31: Karaktersnitt, totalt. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Resultat over tid



Figur 32: Karaktersnitt, utvikling over tid, totalt. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Karaktersnittet fordelt på kjønn og utdanningsretning

Ser vi på karaktersnittet til elevane fordelt på kjønn og utdanningsretning finn vi same tendens som ved førre skoleår: det er jentene på studieførebuande utdanningsprogram som har det høgaste karaktersnittet.

Med tal frå skoleåret 2020-21 i parentes, ser vi at det er gutane på påbygging til generell studiekompetanse som kan vise til størst auke skoleåret 2021-22. Påbygging til generell studiekompetanse ligg med det, samla sett, nærare yrkesfaglege utdanningsprogram. Elles er fordelinga i linje med tidlegare år:

	Studieførebuande utdanningsprogram	Påbygging til generell studiekompetanse	Yrkesfaglege utdanningsprogram	Total
Gutar	4,21 (4,22)	3,96 (3,77)	3,92 (3,93)	4,05 (4,04)
Jenter	4,48 (4,51)	4,04 (4,03)	4,17 (4,21)	4,35 (4,38)
Total	4,37 (4,39)	4,01 (3,92)	4,02 (4,03)	4,20 (4,21)

Figur 33: Karaktersnitt fordelt på kjønn og utdanningsretning. Kjelde: Hjernene&Hjertet

Karaktersnittet fordelt på utdanningsprogram

Det vil alltid vere svingingar og variasjonar mellom utdanningsprogram. Samla sett er dei fleste endringane likevel små, og uttrykk for eit jamt og stabilt nivå. Endringar i strukturen til yrkesfaga, frå hausten 2020, gjer at oversikta over karaktersnittet krev ei forklaring. Oversikta viser at design- og handverk hadde det høgaste karaktersnittet, men det er viktig å merke seg at her var det berre ein klasse med elevar på vg3 interiør på ein skole dette skoleåret.

Om ein samanliknar utdanningsprogramma etter den nye strukturen, er det informasjonsteknologi og medieproduksjon som har det høgaste karaktersnittet med 4,48 poeng. Idrettsfag er tett på, med 4,44 poeng. Restaurant- og matfag har lågast karaktersnitt med 3,53 poeng (sjå neste side):


Samlet karaktersnitt



Figur 34: Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram. Kjelde: Hjernen&Hjertet

3.2.4 Karaktergrunnlag frå grunnskolen

Vi veit at det betyr noko kva karakterar elevane har med seg frå grunnskolen. Som forventa ser vi at også grunnskolekarakterane har betra seg dei siste åra:



Figur 35: Karakterpoengsum frå grunnskolen. Kjelde: Hjernen&Hjertet

3.2.5 Internasjonalisering i vidaregåande opplæring

Internasjonalisering har fått større plass i opplæringa gjennom fornyinga av læreplanverket. Opplæringa skal legge til rette for at elevane og lærlingane skal kunne delta og bidra i eit samfunn prega av auka grad av internasjonal påverknad og større kulturelt mangfald. I Møre og Romsdal er målet at alle skolar skal delta i internasjonale prosjekt og at lærlingar skal ha moglegheit til å få internasjonal erfaring.

Koronapandemien verka sterkt inn på det internasjonale engasjementet blant dei vidaregåande skolane skoleåret 2021-22. Stor uvisse gjorde det vanskeleg å planlegge internasjonale aktivitetar, og eit langvarig reiseforbod førte til at det i all hovudsak berre var mogleg for elevar og tilsette å reise ut våren 2022.

Trass utfordringane med pandemien har nær halvparten av skolane klart å gjennomføre internasjonale aktivitetar finansiert gjennom EU/Erasmus+ eller EØS-prosjekt i løpet av våren 2022. Dette har skjedd enten gjennom egne prosjekt på skolane, eller gjennom fylkeskommunen sine fellesprosjekt innanfor Erasmus+.

Dessverre var det ingen av lærlingane som fekk moglegheit til å ta deler av læretida i utlandet skoleåret 2021-22. Fleire aktivitetar var planlagt, men dei vart avlyst på grunn av koronapandemien. Det står meir om internasjonale aktivitetar i årsmeldingane til skolane.

4 Gjennomføring

4.1 Lokale mål for gjennomføring

Lokale mål for gjennomføring i [Fylkesstrategi for kvalitet \(2021-2025, s.8-9\)](#):

Resultatmål: Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Målet er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring, med studiekompetanse etter fem års opplæring og yrkeskompetanse etter seks års opplæring, skal aukast til over 85 prosent ved utgangen av planperioden.

Måleindikatorar:

- Talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring, med studiekompetanse etter fem års opplæring og yrkeskompetanse etter seks års opplæring, skal aukast til over 85 prosent
- For kvart årstrinn skal minst 90 prosent av elevane ha fullført og bestått skoleåret
- Kvart skoleår skal mindre enn 3 prosent av elevane slutte i løpet av skoleåret
- Kvart skoleår skal fråværet for elevar vere lågare enn 4,5 prosent
- Kvart kalenderår skal minst 96 prosent bestå fag-/sveineprøva
- Kvart kalenderår skal mindre enn 5 prosent av lærlingane heve kontrakten
- 90 prosent av søkarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på Vg1

4.2 Vurderinga til skoleeigar

Gjennomføringa i vidaregåande opplæring er rekordhøg, både på landsbasis og i Møre og Romsdal. Gjennomføringstalet for 2015-kullet i Møre og Romsdal, etter fem/seks år i vidaregåande opplæring, ligg no på 82,8 prosent. Opp 2,3 prosentpoeng frå 2014-kullet, og 2,4 prosentpoeng over det nasjonale snittet. For studieførebuande utdanningsprogram aukar tala jamt og resultata er blant dei beste i landet. Yrkesfaga viser også stor framgang, med ein auke på heile 4,6 prosentpoeng. Resultata nærmar seg målet frå fylkesstrategien om at over 85 prosent skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring. Vi er også på rett veg mot det nasjonale målet at ni av ti skal fullføre og bestå innan 2030.

89,1 prosent av elevane i Møre og Romsdal fullførte og bestod skoleåret 2021-22, trass utfordringar med koronapandemien også dette skoleåret. Resultatet er det høgaste blant fylka, ligg 3,5 prosent over landsgjennomsnittet, men svarar ikkje heilt på målet frå fylkesstrategien om at minst 90 prosent av elevane skal ha fullført og bestått skoleåret. Resultatet ligg litt lågare enn dei to føregåande åra, som hadde rekordhøge tal.

3,8 prosent av elevane slutta skoleåret 2021-22. Tala viser ein auke frå førre skoleår, og ligg 0,8 prosentpoeng over målet om at mindre enn 3 prosent av elevane skal slutte. Resultatet ligg på landsgjennomsnittet for dei offentlege skolane. Fordelt på trinn er det flest elevar som sluttar på vg1. Innanfor studieretningane er det flest som sluttar på vg1 i yrkesfag og flest på vg3 for studieførebuande utdanningsprogram. Fordelingane elles viser at det framleis er ei overvekt av gutar blant elevane som sluttar, og vi ser også ein liten auke i skilnaden mellom kjønna. Skilnaden har også auka mellom utdanningsretningane, og det er framleis flest som sluttar i yrkesfaga. Det er viktig å merke seg at ein stor del av elevane som er registrert slutta berre har teke permisjon. Desse er meint å kome tilbake i opplæring på eit seinare tidspunkt.

Midlertidige fráværreglar ga lågt frávær også i 2021-22. Det registrerte fráværet var på 2,8 prosent. Møre og Romsdal er saman med Rogaland dei fylka som har det lågaste fráværet.

Årsaka til at det registrerte fråværet er lågt er fordi helserelatert fråvær ikkje er rekna med. Dei midlertidige reglane fritok helserelatert fråvær frå kravet om legeattest, unngjekk fråværs grensa og forhindra helserelatert fråvær frå å bli ført som fråvær på vitnemål og kompetansebevis. Slik kunne elevar med luftvegssymptom halde seg heime under koronapandemien, utan å frykte dei store negative konsekvensane. Som skolane viser til i sine årsmeldingar, så ligg det reelle fråværet derfor høgare enn det tala viser.

Det er interessant at tala for elevar med ikkje-vurdert (IV) er stabile, trass eit mykje lågare fråvær dei siste åra. Dette tyder på at mange av elevane som tidlegare ville fått IV grunna fråværs grensa har fått IV som følgje av manglande vurderingsgrunnlag i staden for. Dette er ein tendens både i Møre og Romsdal og nasjonalt.

Karriererettleiing er ein vesentleg del av arbeidet med overgangar. Karriererettleiinga skal sikre ungdommane eit trygt grunnlag for vala dei tek i overgangane frå grunnskolen til vidaregåande, undervegs i den vidaregåande opplæringa, frå vidaregåande opplæring til opplæring i bedrift og frå vidaregåande opplæring til høgare utdanning eller yrkesaktivitet. Elevundersøkinga viser at elevane er mindre nøgde med rådgivinga frå ungdomsskolen, men nøgde med karriererettleiinga i den vidaregåande opplæringa. Ein ser at det er rom for forbetring, særleg knytt til rådgivinga før elevane søker seg til vidaregåande. Opplevinga elevane har av karriererettleiinga frå ungdomsskolen må også sjåast i lys av koronapandemien, og at fleire planlagde tiltak for karriererettleiing har vorte avlyst dei siste åra.

87 prosent av søkerane fekk oppfylt primørønsket sitt i inntaket skoleåret 2021-22. Vi veit at fleire gjennomfører og lukkast i opplæringa si når dei får plass på dei utdanningsprogramma dei ønsker. For å lukkast med å kome i arbeid etter fullført utdanning spelar behova for arbeidskraft ei viktig rolle. Vi ser at fordelinga av elevar mellom studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfaglege utdanningsprogram utviklar seg vidare, og at fleire vel yrkesfagleg retning. At fleire elevar vel yrkesfag har vore ein tendens over tid, og delen av elevar som vel yrkesfag har auka fire år på rad. Dette er ei positiv utvikling, då vi veit at næringslivet har stadig større behov for ny og ung kompetanse.

Ein ser større svingingar i gjennomføringsresultata for yrkesfag enn for elevar i vidaregåande skole. Det er fleire grunnar til dette, og alle er viktige å ha med seg i lesinga av resultata. Formidlingsarbeidet i yrkesfaga er kontinuerleg, og tala kan endre seg frå dag til dag. Utarbeiding av lærekontraktar kan ta tid i enkelte tilfelle, og nye kontraktar vart teikna eller heva i løpet av og på tvers av skoleår. Rapporteringa på yrkesfaga og dei med læretid i bedrift er derfor augeblinksbilete, og tala må ikkje reknast som komplette.

At fleire av elevane vel yrkesfag heng saman med korleis talet på lærekontraktar held fram med å auke. Vi er det einaste fylke som kan vise til ei jamn aukiing i talet på nye lærekontraktar dei fire siste åra. Samanlikna med 2020 har 0,6 prosentpoeng færre søkarar teikna lærekontrakt, men dette er ei endring vi må sjå i lys av ein auke i tal på søkarar til lærekontrakt dei siste åra og koronapandemien.

Tidlegare var det mangel på læreplassar som var den største utfordringa, no gjeld dette stort sett berre utsette næringar. I dag ser ein mellom anna at fleire bedrifter ikkje opplever søkarane som kvalifiserte eller førebudde for overgangen til lære. Delar av dette heng nok saman med pandemien, og at færre elevar har vore utplasserte i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping dei siste skoleåra. Vi ser og at det er rom for betring på indikatoren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet, og særleg knytt til spørsmål om kvaliteten på utstyret i skolane, sjølv om indikatoren ligg på same nivå som førre år. Det er ein vesentleg føresetnad at opplæringa i skolane er relevant, og at den er tilpassa dei faktiske situasjonane elevane vil møte i bedriftene.

Koronapandemien hadde lokale utslag på arbeidsmarknaden, og derfor også for opplæringa i bedrifter. Opplæringa i bedrift var meir eller mindre tilbake på normalt nivå i 2021. Nokre få lærlingar i utsette næringar fekk stansa lærekontraktane deira midlertidig, og læretida forlenga. Vi arbeider kontinuerleg med å finne læreplassar til eit stadig aukande tal søkarar, og formidlingstala viser at vi med 78,7 prosent framleis ligg over landsgjennomsnittet på 78 prosent.


Talet for greidde fag- og sveineprøver har gått noko ned frå førre skoleår. Etter at alle fylka hadde ein nedgang i fjor, ser vi at fleire av fylka har eit auke i tala i år og at

landsgjennomsnitt har auka litt. Også her ligg vi framleis over landsgjennomsnittet, og 93,1 prosent av prøve kandidatane greidde prøvane sine også i 2021.

Gjennom fullføringsreforma skal vi kvalifisere fleire til vidare utdanning og arbeidslivet. Vi ventar derfor fleire vaksne deltakarar i den vidaregåande opplæringa framover. Ein ser også at omstillingar og endringar i arbeidslivet gjer at stadig fleire må kvalifisere seg på nytt. Skoleåret 2021-22 hadde vi 554 deltakarar i opplæringa for vaksne. Målt i prosent fekk heile 90 prosent av dei som søkte tilbod om opplæring, og 82 prosent av desse fullførte opplæringa. Vi ser ein nedgang i talet på deltakarar samanlikna med førre skoleår. Dette kan vere ei følge av den låge arbeidsløysa i fylket. Vi veit også at dei som vart permitterte og arbeidsledige grunna koronapandemien i stor grad var innleigd arbeidskraft som reiste heim. Bedrifter i Møre og Romsdal vart heller ikkje ramma i like stor grad som bedrifter i andre delar av landet.

4.2.1 Gjennomføring i løpet av fem/seks år ⁶

82,8 prosent av dei som begynte på vg1 i 2015 fullførte med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år. Ein ser at gjennomføringa i Møre og Romsdal har auka med 2,3 prosentpoeng samanlikna med 2014-kullet. Vi ligg 2,4 prosentpoeng over landsgjennomsnittet som er 80,4 prosent. Regjeringa har som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring i 2030 (jf. [Meld. St. 21](#)). Målsettinga i Møre og Romsdal er at over 85 prosent skal gjennomføre.




Figur 36: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, 2015-kullet. Kjelde: SSB

⁶ Gjennomføring blir målt etter fem/seks år. Studieførebuande utdanningsprogram blir målt etter fem år, og yrkesfaglege utdanningsprogram blir målt etter seks år.

4.2.2 Gjennomføring i løpet av fem/seks år, inkludert planlagt grunnkompetanse

Ein kan også velje å inkludere elevar i vidaregåande opplæring som gjennomførar med planlagt grunnkompetanse. Dette er elevar som innan fem/seks år ikkje har fullført med studie- eller yrkeskompetanse, men som har gjennomført med grunnkompetanse. Medrekna elevar som gjennomførar med grunnkompetanse er tala slik:




Figur 37: Gjennomføring i løpet av fem/seks år inkludert planlagt grunnkompetanse, prosent, 2015-kullet.
Kjelde: SSB

4.2.3 Gjennomføring fordelt på utdanningsprogram

Det er store forskjellar i gjennomføringstala mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Både i Møre og Romsdal og på landsbasis er gjennomføringa høgast på studieførebuande utdanningsprogram.

Gjennomføringa har auka på studieførebuande utdanningsprogram


Gjennomføringa på studieførebuande utdanningsprogram for 2015-kullet i Møre og Romsdal er no på 92,4 prosent. Dette er ein auke på 0,5 prosentpoeng samanlikna med 2014-kullet. Til samanlikning er det berre Sogn og Fjordane som har høgare gjennomføringstal på dei studieførebuande utdanningsprogramma, med 92,6 prosent. Det nasjonale snittet er 89,4 prosent. Vi ligg 3,0 prosentpoeng over landsgjennomsnittet.



Figur 38: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, studieførebuande utdanningsprogram, 2015-kullet. Kjelde: SSB

Gjennomføringa har auka på yrkesfaglege utdanningsprogram

Gjennomføringa på yrkesfaglege utdanningsprogram er på 74,5 prosent for 2015-kullet. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet på 70,0 prosent, og vi kan vise til ei auke på heile 4,6 prosentpoeng samanlikna med 2014-kullet. Av fylka er det berre Sogn og Fjordane som kan vise til høgare gjennomføringstal, med 78,1 prosent.




Figur 39: Gjennomføring i løpet av fem/seks år, prosent, yrkesfaglege utdanningsprogram, 2015-kullet.

Kjelde: SSB


Gjennomføringa er høgast på idrettsfag og studiespesialisering

Det er store forskjellar i gjennomføringa mellom utdanningsprogramma. I Møre og Romsdal er gjennomføringa høgast på idrettsfag med 94,9 prosent. Studiespesialisering er tett på med 92,8 prosent. På landsbasis er det idrettsfag og studiespesialisering som har høgast gjennomføring, begge med 90,0 prosent. I yrkesfaga er gjennomføringa høgast på elektro- og datateknologi med 84,5 prosent i Møre og Romsdal og 78,0 prosent på landsbasis. I Møre og Romsdal er gjennomføringa lågast på bygg- og anleggsteknikk,

med 60,5 prosent. På landsbasis er det restaurant- og matfag som ligg lågast, med 51,0 prosent:



Figur 40: Gjennomføring i Møre og Romsdal i løpet av fem/seks år etter utdanningsprogram, prosent, 2015-kullet. Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)




Figur 41: Gjennomføring på landsbasis i løpet av fem/seks år fordelt etter utdanningsprogram, prosent, 2015-kullet. Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

4.2.4 Framleis i opplæring av 2015-kullet

Ein del av dei som ikkje fullfører vidaregåande opplæring innan normert til, fullfører på eit seinare tidspunkt. Årsaker kan vere midlertidige avbrot i opplæringa, omval, ikkje-beståtte fag, eller ikkje bestått eller ikkje gjennomført fag-/sveineprøve.

I 2015-kullet er 2,9 prosent framleis i opplæring i Møre og Romsdal etter fem/seks år. Samanlikna med 2014-kullet er dette ein minsking på 0,4 prosentpoeng. Møre og Romsdal ligg no på landsgjennomsnittet.




Figur 42: Framleis i vidaregåande opplæring etter fem/seks år, utan å ha fullført, prosent, 2015-kullet. Kjelde: SSB

4.2.5 Fullført og bestått skoleåret 2021-22

89,1 prosent av elevane i Møre og Romsdal fullførte og bestod skoleåret 2021-22, trass utfordringar med koronapandemien. Resultatet er det høgaste blant fylka, ligg 3,5 prosent over landsgjennomsnittet, og tett på målet frå fylkesstrategien om at minst 90 prosent av elevane skal ha fullført og bestått skoleåret. Resultatet ligg lågare enn rekordresultatet frå førre skoleår på 91,4 prosent.


Resultat sammenlignet med andre fylker



Figur 43: Resultat fullført og bestått skoleåret 2021-22, samanlikning med andre fylke, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Vi ser at utviklinga har vore jamt positiv over tid, men at resultatet for skoleåret 2021-22 er det lågaste dei tre siste åra. Trass nedgangen er dette teikn på godt og systematisert arbeid på skolane, og det er ingen tvil om at skolane arbeider godt med å tilpasse opplæringa slik at ein veldig stor del av elevane meistrar faga sine. Dette er viktige bevaringspunkt, og Møre og Romsdal fylkeskommune må arbeide for å halde ved like det gode arbeidet i skolane:

Resultat over tid




Figur 44: Fullført og bestått, resultat over tid, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fullført og bestått fordelt på utdanningsprogram

Fullført og bestått fordelt på utdanningsprogram viser variasjonane mellom utdanningsprogramma. Endringar i strukturen for yrkesfaga, som vart innført hausten 2020, gjer at oversikta krev ei forklaring. Oversikta viser at design- og handverk hadde 100 prosent fullført og bestått, men det er viktig å merke seg at her var det berre ein klasse, på ein skole, på vg3 interiør dette skoleåret.


Om ein samanliknar utdanningsprogramma etter ny struktur er det idrettsfag som har høgaste del fullført og bestått med 97,0 prosent. Lågast ligg handverk, design og produktvikling med 63,2 prosent. Samanlikna med førre skoleår ser vi at Informasjonsteknologi og medieproduksjon har auka mest, med 10,3 prosent. Medium og kommunikasjon har gått mest tilbake, ned 10,5 prosent frå førre skoleår (sjå neste side):



Figur 45: Fullført og bestått, fordelt på utdanningsprogram, prosent. Kjelde: Hjernens&Hjertet

Fullført og bestått fordelt på utdanningsretning


Som ved førre skoleår er det dei studieførebuande utdanningsprogramma som har høgast grad av fullført og bestått. Vi ser at både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram har tilbakegang, medan påbygging til generell studiekompetanse har auka. Skilnaden mellom utdanningsretningane har med det jamna seg litt ut. Vi ligg framleis godt over gjennomsnittet for fylka:



Figur 46: Fullført og bestått, fordelt på utdanningsretning, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fullført og bestått fordelt på kjønn

Litt fleire jenter enn gutar fullførte og bestod skoleåret 2021-22, men differansen mellom kjønna blir stadig mindre. Sjølv om begge kjønn har nedgang, ligg resultata framleis godt over fylkesgjennomsnittet. Gutane i Møre og Romsdal ligg heile 4,2 prosent over fylkesgjennomsnittet:



Figur 47: Fullført og bestått, fordelt på kjønn, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fordelt på utdanningsretning ser vi at litt fleire gutar enn jenter fullfører og består yrkesfaglege utdanningsprogram, medan det omvendte gjer seg gjeldande for studieførebuande utdanningsprogram og påbygging til generell studiekompetanse. Men også her har tala jamna seg meir ut og differansen mellom kjønna blir stadig mindre:

	Studieforbereidende utdanningsprogram	Påbygging til generell studiekompetanse	Yrkesfaglige utdanningsprogram	Total
Gutter	90,6	84,5	87,8	88,8
Jenter	91,3	85,0	87,0	89,4
Total	91,0	84,8	87,5	89,1

Figur 48: Fullført og bestått, fordelt på kjønn og utdanningsretning, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Fullført og bestått fordelt på skolar og trinn

Fordelt på skolar og trinn ser ein at skolane i fylket gir god opplæring, og at elevar flest meistrar og består faga sine.

Når ein les tala må ein vite at tala til skolar med mange elevar med utvida rett til vidaregåande opplæring ikkje viser eit korrekt bilete av resultata. Årsaka til dette er at elevane har fag dei skal fullføre og bestå over fleire år enn vanleg. Vi veit også at overgangar mellom trinn kan vere utfordrande for elevar. Spesielt overgangen frå vg2 yrkesfag til påbygging til generell studiekompetanse har vist seg som utfordrande, både når det gjeld arbeidsmengde og arbeidsmetodar. Karaktergrunnlaget ved inntak til påbygging varierer også, som kan verke inn på gjennomføringa på vg3 og vg4 frå skole til skole:

Fullført og bestått


	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Atlanten videregående skole	94,2	90,3	93,5		92,7
Borgund videregående skole	83,1	85,6	88,6	96,3	85,3
Fagerlia - Ålesund vgs, avd Ålesund	88,3	86,1	91,6	72,3	87,6
Gjermundnes videregående skule	83,7	82,6	88,0	100,0	84,6
Haram videregående skule	87,5	86,7	87,5	96,0	88,0
Herøy videregående skule	88,4	90,7	85,0	100,0	89,5
Hustadvika videregående skole	89,9	79,0	86,9	100,0	86,6
Kristiansund videregående skole	90,3	93,7	89,5	97,4	92,0
Molde videregående skole	96,5	93,7	90,0	54,5	92,0
Rauma videregående skole	88,0	84,4	96,3	100,0	88,6
Romsdal Vgs	42,9	0,0	63,6	35,3	44,4
Romsdal videregående skole	90,8	90,3	96,6	83,3	91,4
Spjelkavik videregående skole	86,3	89,4	90,2		88,7
Stranda videregående skule	84,2	84,4	95,7		88,9
Sunnadal videregående skole	78,2	92,4	92,5	100,0	86,5
Surnadal videregående skule	91,8	92,1	95,2	100,0	93,0
Sykkylven videregående skule	84,7	94,9	88,5	100,0	89,8
Tingvoll videregående skole	82,6	96,3	95,7		91,8
Ulstein videregående skule	89,8	95,0	90,1	96,4	91,9
Volda videregående skule	81,6	90,1	87,0	92,9	86,7
Ørsta videregående skule	92,5	85,0	81,8		89,0
Total	88,4	89,1	90,8	84,3	89,1

Figur 49: Fullført og bestått, fordelt på skolar, prosent. Kjelde: Hjernene&Hjertet

4.2.6 Elevar som slutta i løpet av skoleåret

3,8 prosent av elevane slutta i løpet av skoleåret 2021-22. Tala svarar til 355 elevar. Samanlikna med skoleåret 2020-21 har talet auka med 1,2 prosentpoeng. Målet er at mindre enn 3 prosent av elevane skal slutte i løpet av skoleåret. Det nasjonale snittet for alle eigarformer, inkludert privatskolane, er på 3,7 prosent, medan det nasjonale snittet for alle dei offentlege vidaregåande skolane i landet er på 3,8 prosent.

Fordelt på fylke og trinn ser tal for elevar som sluttar slik ut, i denne figuren er også dei private skolane inkluderte:



Figur 50: Elevar som slutta 2021-22, fordelt på fylke og trinn, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevar som slutta fordelte på kjønn

Det er framleis ei overvekt av gutar blant elevane som sluttar, men vi ligg på nasjonalt snitt for begge kjønn skoleåret 2021-22. På landsbasis er skilnaden mellom kjønna den same som førre skoleår. I Møre og Romsdal har skilnaden auka litt skoleåret 2021-22:

	Nasjonalt snitt for offentlege skolar 2021-22	Møre og Romsdal 2021-22	Nasjonalt snitt for offentlege skolar 2020-21	Møre og Romsdal 2020-21
Gutar	4,1 %	4,1 %	3,4 %	2,9 %
Jenter	3,5 %	3,5 %	2,8 %	2,4 %

Figur 51: Elevar som slutta fordelte på kjønn, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet


Elevar som slutta fordelte på utdanningsretning og trinn

Dei fleste av elevane som sluttar høyrer til i yrkesfaga. Totalt slutta 5,6 prosent av våre elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram, men vi ligg 0,7 prosentpoeng under det nasjonale snittet. På studieførebuande utdanningsprogram slutta 2,3 prosent av våre elevar. Her ligg vi 0,1 prosentpoeng over det nasjonale snittet. Samanlikna med skoleåret 2020-21 ser vi ein auke i Møre og Romsdal på 1,7 prosentpoeng for yrkesfaga og 0,6 prosentpoeng for studieførebuande. Til samanlikning er auka på landsbasis på 1,3 prosentpoeng for yrkesfaga og 0,4 prosentpoeng for studieførebuande. Vi ser også at skilnaden mellom utdanningsretningane har auka:

	Nasjonalt snitt for offentlege skolar 2021-22	Møre og Romsdal 2021-22	Nasjonalt snitt for offentlege skolar 2020-21	Møre og Romsdal 2020-21
Studieførebuande	2,2 %	2,3 %	1,8 %	1,7 %
Yrkesfag	6,3 %	5,6 %	5,0 %	3,9 %

Figur 52: Elevar som slutta fordelt på utdanningsretning, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Blant elevane som slutta var dei fleste elevar på vg1. Fordelte på studieretning og trinn syner tala seg slik:




Figur 53: Elevar som slutta fordelt på utdanningsretning og trinn, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevar som slutta fordelte på utdanningsprogram

Av utdanningsprogramma er det idrettsfag som hadde lågast del elevar som slutta.

Utdanningsprogramma for restaurant- og matfag og frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign hadde høgaste del. Fordelte på utdanningsprogram syner tala seg slik⁷:




Figur 54: Elevar som slutta fordelte på utdanningsprogram, prosent, Møre og Romsdal fylkeskommune skoleåret 2021-22. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

⁷ Utdanningsprogramma Design og handverk og Handverk, design og produktutvikling er ikkje med i oversikta. Årsaka til dette er at berre ein av skolane i fylket hadde elevar på desse utdanningsprogramma skoleåret 2021-22.

Sluttårsaker

Fordelinga viser at dei fleste av dei som slutta tok permisjon. Elevar som tek permisjon er sikra plass ved inntaket etter permisjonen.



Figur 55: Elevar som slutta fordelt på årsak, prosent. Skoleåret 2021-22. Kjelde: Hjernen&Hjertet

17 prosent av elevane som slutta, gjorde det i oktober månad. Ein ser elles at ein stor del slutta i januar, 16 prosent. På hausten slutta 39 prosent, fordelt på oktober, november og desember månad. 27 prosent slutta på nyåret fordelt på januar og februar. Totalt 59 prosent slutta i løpet av siste skolehalvår mellom januar og juni.


4.2.7 Aktivitet hos elevar som har slutta - ungdom i oppfølgingstenesta

Ungdommane som vel å slutte den vidaregåande opplæringa blir overført til Oppfølgingstenesta (OT). Det er dei med ungdomsrett, og som er mellom 16 og 21 år, som har rett på oppfølging. Det er gode rutinar for avklaring og oppfølging på skolane i overgangen mellom opplæringslutt til oppfølging.

Oppfølgingstenesta skal etablere kontakt med alle ungdommar i målgruppa som avbryt opplæringa, med sikte på rettleiing, oppfølging og ny aktivitet. Målet er at ingen ungdommar i målgruppa skal vere ukjende for OT.

I juni 2022 hadde Møre og Romsdal 32 ungdommar i ukjent aktivitet. Til samanlikning var det 31 ungdommar i ukjent aktivitet på same tid i 2021. Figuren under viser korleis ungdommane er fordelt mellom ulike aktivitetskategoriar, og vi ser at 37 prosent er i aktivitet.


Eksempel på aktivitet er: opplæring, arbeid eller arbeidspraksis i regi av fylkeskommunen eller NAV.



Figur 56: Ungdom i oppfølgingstenesta på ulike aktivitetar fordelt på fylke per juni 2022, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

4.2.8 Fråvær for elevar skoleåret 2021-22


Grunna endring i fråværsreglane under koronapandemien er det ikkje mogleg å seie noko om det reelle fråværet til elevane. Det registrerte fråværet er lågt fordi helse relatert fråvær ikkje er rekna med. Vi ser likevel at det registrerte fråværet har auka skoleåret 2021-22, og ligg no på 2,8 prosent. Målet er at fråværet til elevane skal vere lågare enn 4,5 prosent.



Figur 57: Totalfråvær over tid i Møre og Romsdal, prosent. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Trenden er stort sett den same i alle fylka: Nordland og Vestfold og Telemark har gått litt ned, medan Vestland har same resultat som førre skoleår. Møre og Romsdal og Rogaland hadde lågast fråvær blant fylka skoleåret 2021-22:


Resultat sammenlignet med andre fylker



Figur 58: Totalfråvær samanlikna med dei andre fylka. Kjelde: Hjernen&Hjertet

Elevar utan vurderingsgrunnlag i fag (IV)

På landsbasis er det omtrent 5 000 elevar som blir ståande utan vurderingsgrunnlag (IV) i minst eitt fag skoleåret 2021-22. Dette er på same nivå som dei to føregåande skoleåra. 41 prosent av desse fekk IV i berre eitt fag, medan 59 prosent fekk IV i meir enn eitt fag. Tala viser ei lita auke frå 2,9 prosent til 3,0 prosent som fekk IV i minst eitt fag skoleåret 2021-22. Tala har vore stabile gjennom koronapandemien:



Figur 59: Ikkje vurdering i fag (IV), nasjonal utvikling over tid, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Fråvær kan føre til at elevar ikkje får vurdering i fag (IV), men ein skal legge merke til at dei midlertidige reglane for fråvær har ført til at del av elevar som får IV grunna fråværgrensa har gått ned. Trass dette held tala på dei utan vurderingsgrunnlag seg ganske stabile. Sagt på ein anna måte tyder mykje på at dei som tidlegare ville fått IV på grunn av fråværgrensa no får IV som følgje av manglande vurderingsgrunnlag.

Tala for elevar med IV i Møre og Romsdal har vore relativt stabile heilt tilbake til skoleåret 2016-17. Skoleåret 2021-22 er det Møre og Romsdal som har dei lågaste tala, og ligg godt under landsgjennomsnittet. Møre og Romsdal har 2,0 prosent elevar med IV i minst eitt fag, medan dei andre fylka ligg mellom 2,6 til 4,0 prosent.


Landsgjennomsnittet er på 3,0 prosent. For IV i berre eitt fag ligg prosenten på 0,9 i Møre og Romsdal, medan dei andre fylka ligg mellom 1,0 til 1,5 prosent. Landsgjennomsnittet her er på 1,2 prosent.

Omrekna i tal fekk 168 av elevane i Møre og Romsdal IV i minst eitt fag skoleåret 2021-22. Av desse er det 73 elevar som har IV i berre eitt fag. Samanlikna med skoleåret 2020-21 var talet på 178 for elevar med IV i minst eitt fag, av desse var det 76 elevar med IV i berre eitt fag.

Forskjellane mellom utdanningsretningane har jamna seg ut (fjorårstal i parentes): 85 (81) av elevane er frå studieførebuande utdanningsprogram og 83 (97) av dei frå yrkesfaga. Forskjellane mellom kjønna har også jamna seg ut: 87 (101) av elevane er gutar, medan 81 (77) av dei er jenter.

4.2.9 Del greidde fag- og sveineprøver

93,1 prosent greidde fag- og sveineprøva i Møre og Romsdal i 2021. Møre og Romsdal ligg noko over landsgjennomsnittet på 92,6 prosent, men vi går ned 1,1 prosentpoeng samanlikna med 2020. Målet er at minst 96 prosent skal bestå fag-/sveineprøva.



Figur 60: Del greidde fag- og sveineprøver, prosent. Kjelde: SSB

4.2.10 Heva lærekontraktar

151 av 2 477 lærekontraktar vart heva i 2021. Dette utgjør 6,1 prosent av lærekontraktane. I 2020 vart 130 av 2 565 kontraktar heva, altså 5 prosent av kontraktane. Heving grunna «feilval» utgjør 1,7 prosent, og vil i realiteten seie at hevingsprosenten på lærekontraktane i 2021 er 4,4 prosent. Målet er at mindre enn 5 prosent av lærekontraktane skal bli heva.

I prosent vart det heva flest lærekontraktar innanfor restaurant- og matfag, og færrest innanfor naturbruk (sjå neste side):

Tal og prosent på heva lærekontraktar i 2021

	Tal	Prosent
Bygg- og anleggsteknikk	31	8,7
Design og handverk	8	13,7
Elektrofag	12	2,6
Helse- og oppvekstfag	19	5,8
Naturbruk	4	2,3
Restaurant - og matfag	15	18,7
Service og samferdsel	15	7,5
Teknikk og industriell produksjon	47	5,5
Total	151	

Figur 61: Tal og prosent på heva lærekontraktar i 2021. Kjelde: Qlik Sense

Dei fleste lærekontraktane er heva som følgje av annan årsak/årsak ikkje oppgitt, feilval eller av personlege årsaker:

Tal og årsak til heva lærekontraktar 2021

Årsak	Tal
Annan årsak/ikkje oppgitt (AF)	42
Fått arbeid (AR)	8
Flytta (FL)	11
Feilval (FV)	42
Økonomiske årsaker (OK)	1
Personlege årsaker (PS)	42
Covid-19	2
Brot på arbeidslivets reglar (BR)	3
Total	151

Figur 62: Tal og årsak til heva lærekontraktar i 2021. Kjelde: Qlik Sense

4.2.11 Inntak til dei vidaregåande skolane

Inntaket og dimensjoneringa er styrt av lov, forskrift og politiske prioriteringar. Ungdom som har gjennomgått grunnskolen eller tilsvarande utdanning har lovfesta rett til vidaregåande opplæring. Denne retten blir omtalt som ungdomsrett. Ungdomsretten gjeld ut det skoleåret som startar det året personen fyller 24 år.

Tilbodet er dimensjonert etter to hovudprinsipp:

- Målsettinga om at *90 prosent av søkarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på vg1, som er gitt i Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2021-2025.*
- Skole- og tilbodsstrukturen skal vere i tråd med politiske vedtak, med vekt på at vi skal ha ein desentralisert skolestruktur.

Desse to prinsippa kan vere motstridande, då høg grad av oppfylte førsteønsker kan gi ei større innsøking til dei største skolane.

I tråd med opplæringslova § 3-1 får alle søkarar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring tilbod om skoleplass. Skoleåret 2021-22 fekk 87 prosent av søkarane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1. Til samanlikning fekk 89 prosent av søkarane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1 skoleåret 2022-23.

4.3 Lokale mål for overgangar

Lokale mål for overgangar i [Fylkesstrategi for kvalitet \(2021-2025, s.8-9\)](#):

Resultatmål: Betre overgangar i opplæringa

Arbeid med overgangar skal føre til auka gjennomføring ved å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar for overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande skole, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift og til høgare utdanning. Arbeid med elevar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid skal stå særleg i fokus. Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv skal det arbeidast for å skape fleire opplærings- og læreplassar.


Måleindikatorar:

- 80 prosent av elevar frå vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt, skal få ønsket oppfylt
- Talet på nye lære- og opplæringskontraktar skal vere minst 1300 per kalenderår
- Skåren for utdanning- og yrkesretteiing i elevundersøkinga skal vere minst 3,8⁸
- Skåren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet i lærlingundersøkinga skal vere minst 3,7

⁸ I brukarundersøkingane er skalaen på indikatorane 1 til 5, der 5 er høgaste skår.

4.3.1 Over halvparten av elevar og lærlingar høyrer til yrkesfaga


54,9 prosent av alle i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skoleåret 2021-22 var elevar og lærlingar i yrkesfaga. Det har skjedd ein auke på 0,7 prosentpoeng samanlikna med skoleåret 2020-21, og Møre og Romsdal ligg godt over landsgjennomsnittet på 50,6 prosent.



Figur 63: Del av alle i vidaregåande opplæring som er elevar og lærlingar i yrkesfaga, prosent. Kjelde: SSB

4.3.2 Elevar som går over i lære etter vg2


Tala viser søkarar frå vg2 som er i lære året etter, og ligg på 50,8 prosent i 2021. Det er inga endring samanlikna med 2020. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet på 48,6 prosent, men bak Rogaland på 52,8 prosent.



Figur 64: Del elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram vg2 som er i lære i året etter, prosent. Kjelde: SSB

Status overgangar frå vg2 yrkesfag 2022

Elevane som ikkje går over i lære etter vg2 kan enten ha alternativ vg3 fagopplæring i skole, framleis være i opplæring på vg3 yrkesfag, ta påbygging til generell studiekompetanse, omval eller avslutte opplæringa etter vg2. Per september 2022 er fordelinga slik:



Figur 65: Fordeling per september 2022, overgang frå vg2 yrkesfag. Kjelde: Qlik Sense

Kategorien «andre» er i stor grad søkarar som framleis ventar på lærekontrakt, og ein vil over tid sjå ein overgang frå «andre» til blant anna «fått lærekontrakt» ettersom fleire av desse vil teikne lærekontraktar etter kvart. Formidlingsarbeidet er kontinuerleg, og desse tala blir oppdaterte regelmessig.

Søkarar som fekk lærekontrakt i 2021

78,7 prosent av søkarane i Møre og Romsdal fekk godkjende lærekontraktar per 31.12.2021. Landsgjennomsnittet er på 78 prosent. Målet i Møre og Romsdal er at 80 prosent av elevane frå vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt skal få ønsket oppfylt.

Samanlikna med tala frå 2020, der 79,3 prosent fekk lærekontrakt, går vi ned 0,6 prosentpoeng.

Fylke	Lærekontrakt	Opplæringskontrakt	Fagopplæring i skole
Vestland	83,1	3,3	1,8
Troms og Finnmark	83,0	2,3	1,0
Rogaland	82,5	2,4	2,7
Nordland	81,6	2,9	1,6
Oslo	81,5	1,7	0,8
Agder	81,0	3,7	8,5
Møre og Romsdal	78,7	3,2	1,0
Trøndelag	77,2	4,3	3,0
Innlandet	77,1	3,0	3,1
Viken	71,7	5,0	9,0
Vestfold og Telemark	70,9	4,2	6,0


Figur 66: Søkarar som har fått kontrakt i 2021, etter fylke og kontraktstype, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

[Les meir om statistikken på udir.no](#)

Tal på nye lærekontraktar

Tala viser kor mange lærlingar som har sitt første år som lærling. Møre og Romsdal held fram med ei positiv utvikling med 1380 nye lærekontraktar i 2021, opp frå 1307 i 2020. Dette er ein auke på 73 lærekontraktar. Tala svarar godt på det lokale målet som er på 1300 nye lærekontraktar per kalenderår. Vi er det einaste fylket som har hatt ein auke i nye lærekontraktar alle dei siste tre åra, og kan vise til ei jamn og positiv utvikling over tid.

Nedgangen vi såg i fjor i talet på lærekontraktar på landsbasis har tatt seg opp igjen, og er no på eit høgare nivå enn før koronapandemien.



Figur 67: Nye lærekontraktar fordelt på fylke. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tiltak for å få fleire i lære

Møre og Romsdal har 3,5 stillingar som formidlingsrådgivarar som skal hjelpe skolane i arbeidet med å formidle elevar til lære plass, og bidra til å lette overgangen frå skole til lærebedrift. Vi har eit formidlingsrekneskap som eit hjelpemiddel til skolane i denne samanhengen. Rekneskapen synleggjer statusen til formidlinga til lære plass gjennom skoleåret.

Formidling av lære plassar blir avslutta 1. november, og vi vil derfor sjå nokre justeringar av tala som er viste i Kvalitetsmeldinga.

Søkarar mellom 16 og 21 år med ungdomsrett, som ikkje har fått lære plass, blir overførte til Oppfølgingstenesta (OT) når formidlinga er over. OT vil, mellom anna i samarbeid med NAV, prøve å gi søkarane praksis plass. Praksis plassar gjer det enklare for dei å få lære plass på eit seinare tidspunkt. Nokon treng meir tid enn andre, og praksis i bedrift kan bidra til å gjere ungdommane meir førebudde på læretid.

For å sette søkelys på lærlingordninga, deler Møre og Romsdal fylkeskommune ut prisane «Årets lærling» og «Årets lærebedrift» årleg. I tillegg hadde Møre og Romsdal fylkeskommune kampanjen «Tenk framtid - bli lærebedrift», der målet var å skaffe fleire lærebedrifter. Tiltaka bidrar til at stadig fleire bedrifter ser verdien av å ha lærlingar.

I tillegg til dei lokale tiltaka som skal styrke varige samarbeidsarenaer mellom skole og arbeidsliv i Møre og Romsdal, er nasjonale satsingar som «Samfunnskontrakten for fleire lære plassar» som vart fornya i 2022, og «Yrkesfaglærarløftet» med på å fremme yrkesfaga. Målet er at fleire skal velje yrkesfag.

Sysseissettingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev

Møre og Romsdal har færrest fagutdanna i arbeid første året etter greidd fag- eller sveinebrev med 76,2 prosent. Samtidig har vi flest fagutdanna som held fram i utdanning, med 18,3 prosent, medan 5,5 prosent står utanfor både arbeid og utdanning.

I tala frå 2019 og 2020 var 74,6 prosent i arbeid, 20,2 prosent i utdanning og 5,2 prosent utanfor både arbeid og utdanning. Utviklinga er positiv med fleire i arbeid, opp 1,6 prosentpoeng. Det er færre som held fram i utdanning, ned 1,9 prosentpoeng. Utviklinga er negativ for del utanfor både arbeid og utdanning, som aukar med 0,3 prosentpoeng.

Sysseissettingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2020 og 2021. Fordelt på fylke.

	I arbeid	I utdanning	Utanfor arbeid og utdanning
Innlandet	83,1%	11,5%	5,4%
Trøndelag	83,0%	11,4%	5,5%
Nordland	82,8%	12,5%	4,6%
Viken	81,1%	12,5%	6,4%
Vestfold og Telemark	80,6%	12,6%	6,7%
Vestland	80,0%	14,1%	5,8%
Agder	79,7%	13,1%	7,2%
Oslo	79,4%	13,4%	7,2%
Troms og Finnmark	79,3%	13,3%	7,4%
Rogaland	76,6%	17,4%	6,0%
Møre og Romsdal	76,2%	18,3%	5,5%

Figur 68: Sysseissettingsstatus for fagutdanna første år etter greidd fag- eller sveinebrev, 2020 og 2021.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

[Les meir om statistikken på udir.no](https://udir.no)

4.3.3 Karriererettleiing

Karriererettleiing skal leie elevane mot fagopplæring, høgare utdanning og framtidige yrkesval på ein god måte. Det lokale målet for indikatoren utdannings- og yrkesretteiing er ein skår på minst 3,8. Vi skårar 3,7 og ligg 0,1 poeng under lokalt mål, men vi ligg 0,1 poeng over landsgjennomsnittet:

	Møre og Romsdal 2021-22	Møre og Romsdal 2020-21	Møre og Romsdal 2019-20	Alle fylker 2021-22
Total	3,7	3,7	3,7	3,6

Figur 69: Utdanning- og yrkesretteiing i vgs, utvikling over tid. Kjelde: Hjernen&Hjertet

I Elevundersøkinga er temaet todelt. Det første spørsmålet greier ut om kva grad elevane er fornøgde med utdanning- og yrkesretteiinga på ungdomsskolen, og vart retta til elevar på vg1. Det andre spørsmålet retta seg mot elevar på vg2 og vg3, og greier ut om i kva grad elevane opplever eit godt grunnlag for vidare val av yrke eller utdanning.

Vi ser at vg1 elevane er mindre fornøgde enn tidlegare med rådgivinga dei fekk på ungdomsskolen:

	Svært fornøgd	Fornøgd	Ganske fornøgd	Litt fornøgd	Ikkje særleg fornøgd	Snitt Møre og Romsdal
Kor fornøgd er du med den rådgivinga du fekk om val av utdanning og yrke på ungdomsskolen?						
2021-22	25,9 %	32,4 %	16,7 %	13,9 %	11,1 %	3,5
2020-21	28,6 %	34,1 %	16,8 %	11,5 %	9,0 %	3,6

Figur 70: Utdanning- og yrkesretteiing, ungdomsskole. Kjelde: Utdanningsdirektoratet⁹

⁹ Spørsmålet inngår ikkje i indikatorskåren for utdanning- og yrkesretteiing

Svarfordeling for spørsmål til vg2 og vg3 elevar:

	I svært stor grad	I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Ikkje i det heile tatt	Snitt Møre og Romsdal
Eg har fått eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke, så langt i vidaregåande opplæring						
2021-22	23,7 %	37,3 %	25,3 %	9,6 %	4,0 %	3,7
2020-21	25,3 %	36,9 %	25,3 %	8,5 %	4,0 %	3,7

Figur 71: Utdanning- og yrkesretteiing, vgs. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevane på vg2 og vg3 i Møre og Romsdal har også svart på følgande påstandar gjennom ein tilleggsmodul i Elevundersøkinga:

	I svært stor grad	I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Ikkje i det heile tatt	Snitt Møre og Romsdal
Så langt i vidaregåande opplæring har eg fått kunnskap om ulike utdanningsmoglegheiter						
2021-22	16,8 %	27,5 %	31,7 %	18,2 %	5,8 %	3,3
2020-21	18,4 %	32,9 %	30,1 %	13,6 %	5,0 %	3,5
Så langt i vidaregåande opplæring har eg fått kunnskap om ulike yrker og moglegheiter i yrkeslivet						
2021-22	16,8 %	26,5 %	31,7 %	18,7 %	6,3 %	3,3
2020-21	18,6 %	31,4 %	30,1 %	14,7 %	5,2 %	3,4
Så langt i vidaregåande opplæring har eg vorte meir bevisst om kva eg sjølv vil vidare når det gjeld utdanning og yrke						
2021-22	19,5 %	24,1 %	27,7 %	17,6 %	11,1 %	3,2
2020-21	20,3 %	28,5 %	25,9 %	15,3 %	9,9 %	3,3
Så langt i vidaregåande opplæring har eg vorte utfordra til å tenke over kva som er typiske utdannings- og yrkesval for kvinner og menn						
2021-22	15,2 %	24,7 %	31,8 %	17,4 %	10,9 %	3,2
2020-21	18,3 %	30,3 %	28,4 %	14,3 %	8,7 %	3,4

Figur 72: Tilleggsmodul, utdanning- og yrkesretteiing, vgs. Kjelde: Utdanningsdirektoratet¹⁰

¹⁰ Tilleggsmodulen inngår ikkje i indikatorskåren for utdanning- og yrkesretteiing

4.3.4 Opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet

Resultatet på indikatoren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet er ikkje endra frå førre år, og vi ligg på landsgjennomsnittet. Vi ligg 0,1 poeng under det lokale målet som er på 3,7.

	Møre og Romsdal 2021	Møre og Romsdal 2020	Alle fylker 2021
Total	3,6	3,6	3,6

Figur 73: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, utvikling over tid, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Hjernen&Hjertet

	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller enig	Nokså enig	Heilt enig	Snitt Møre og Romsdal
Kor enig eller ueinig er du i følgjande utsegn?						
Undervisninga i yrkesfaga på skolen ga eit godt grunnlag for det eg skulle lære i bedrifta						
2021	3,4 %	10,6 %	24,4 %	42,4 %	19,3 %	3,64
2020	5,0 %	10,5 %	24,6 %	40,5 %	19,4 %	3,59
Utstyret vi brukte på skolen var godt nok for å lære faga						
2021	6,5 %	15,8 %	21,8 %	36,6 %	19,4 %	3,46
2020	5,3 %	16,1 %	21,2 %	36,0 %	21,4 %	3,52
Lærarane mine hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida						
2021	3,7 %	9,0 %	22,2 %	39,3 %	25,9 %	3,75
2020	3,3 %	10,2 %	20,7 %	39,3 %	26,5 %	3,75

Figur 74: Svarfordeling opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærlingundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I Lærebedriftsundersøkinga ser vi ein liten nedgang på påstanden om kor fagleg førebudd lærlingane var på læretida. På påstanden om forståing for krava i arbeidslivet er resultatata stabile. Vi ser rom for betring for begge desse påstandane.

Påstanden om at lærebedriftene opplever at lærlingane er motiverte for å lære faget held seg stabil på eit godt nivå. Omtrent 85 prosent av lærebedriftene er nokså eller heilt enig i påstanden (sjå neste side):

	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller einig	Nokså einig	Heilt einig	Snitt Møre og Romsdal
Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn?						
Årets lærling(ar) var fagleg førebudd på læretida etter opplæringa i skole						
2021	3,5 %	9,8 %	19,9 %	40,7 %	26,1 %	3,76
2020	2,7 %	10,0 %	17,1 %	43,1 %	27,0 %	3,82
Årets lærling(ar) hadde god forståing for krava i arbeidslivet då dei begynte læretida						
2021	3,0 %	12,1 %	18,0 %	41,8 %	25,2 %	3,74
2020	2,9 %	11,9 %	19,8 %	39,3 %	26,1 %	3,74
Årets lærling(ar) er motivert for å lære faget						
2021	1,9 %	4,3 %	9,2 %	35,1 %	49,4 %	4,26
2020	2,0 %	4,1 %	10,1 %	33,5 %	50,3 %	4,26

Figur 75: Opplæring i skole som førebuing til opplæring i lærebedrift, Lærebedriftsundersøkinga. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

4.4 Lokale mål for tilbod til vaksne

Lokale mål for tilbod til vaksne i [Fylkesstrategi for kvalitet \(2021-2025, s.8-9\)](#):

Resultatmål: Det skal vere tilbod til vaksne med rett til vidaregåande opplæring i alle delar av fylket

Vaksne skal ha mogelegheit til å delta i opplæring som gir ønska sluttkompetanse. Tilboda skal speile behova i næringslivet og hos søkarane.


- Minst 80 prosent av søkarane til vidaregåande opplæring for vaksne skal få tilbod om å starte opplæring det skoleåret dei søker.
- Minst 60 prosent av vaksne som startar på eit opplæringstilbod skal fullføre som planlagd kvart år.

4.4.1 Vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring har rett til opplæring frå og med det året dei fyller 25 år (jf. opplæringslova). Opplæringa skal primært skje i opplæringsløp som er særleg tilrettelagt for vaksne. Møre og Romsdal har sju ressurscenter som er ansvarlege for vaksenopplæringa, og desse finn ein på Atlanten vgs (ROM), Borgund vgs (Bork), Herøy vgs, Kristiansund vgs (RIK), Romsdal vgs (KIM), Spjelkavik vgs og Ulstein vgs.


Skoleåret 2021-22 deltok 554 deltakarar i opplæring for vaksne. Tala svarar til ein prosent på 90, og ligg godt over det lokale målet på 80 prosent. Totalt fullførte 459 av deltakarane opplæringa skoleåret 2021-22. Målet er at 60 prosent skal fullføre som planlagt, og med 82 prosent fullført ligg vi også her godt over målet. Skoleåret 2021-22 hadde 113 færre deltakarar enn førre skoleår.

Landssnittet ligg stabilt, og syner seg slik:



Figur 76: Vaksne deltakarar i vidaregåande opplæring. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Dei fleste vaksne går på eit yrkesfagleg utdanningsprogram, og majoriteten av deltakarane går på helse- og oppvekstfag, dette gjeld både på landsbasis og i vårt fylke. I Møre og Romsdal ser vi ein svak tendens til at fleire vel studieførebuande fag. Her er ei oversikt over fordelinga av deltakarane mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, delt inn etter fylke:



Figur 77: Del deltakarar i opplæring for vaksne fordelt på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram etter fylke, 2021-22, prosent. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

5 Leiing og profesjonsutvikling

5.1 Lokale mål

Lokale mål for leiing og profesjonsutvikling i [Fylkesstrategi for kvalitet](#) (2021-2025, s. 10):

Resultatmål: Vidareutvikling av leiing, skoleutvikling og profesjonsfellesskap for læring

Arbeid med pedagogisk leiing og profesjonsfellesskap skal gjennom aktiv deltaking og dialog fremme delings- og læringskultur. Skolebasert kompetanseheving, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis skal ha elevane si læring og utvikling i fokus.

For å vurdere kvaliteten på arbeidet med leiing og profesjonsutvikling legg ein til grunn fleire indikatorar for god praksis:

- Skolen drøftar pedagogisk praksis, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet.
- Skolen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Både lærarane og leiinga drøftar korleis skolens kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast.
- Leiardialogen skal fremme skoleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetansesjefen og den enkelte skole, samt på tvers av skolane.
- For å vurdere tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag legg ein til grunn medarbeidarundersøkingar.

5.2 Vurderinga til skoleeigar

Skoleeigar skal halde fram med å legge til rette for gode profesjonsfellesskap på den enkelte skole, og på tvers av dei. Skolane har ansvar for å skape gode og lærande fellesskap mellom sine tilsette, men også på tvers av skolane og i samarbeid med eksterne aktørar. Arbeidet med leiing og profesjonsutvikling må vere utviklingsorientert, heilskapleg og kontinuerleg, også i åra som kjem.

Leiardialogar mellom kompetansesjefen og leiarane på skolane skjer jamleg og er ein del av årshjulet for kvalitetsarbeid (sjå pkt. 1.2). Kvar haust og vår er det individuelle dialogar mellom kompetansesjefen og leiargruppa på den enkelte skole. I tillegg blir det arrangert rektormøter jamleg, skoleleiarsamling på hausten og toppleiarsamling på våren.

Fagnettverka er den største delen av etterutdanningstilbodet i fylket, og ein viktig bidragsytar som arena for profesjonelle fellesskap på tvers av skolar. Det er viktig for skoleeigar å vidareutvikle nettverka i lag med skoleleiarar, profesjonsorganisasjonane og fagnettverka sjølve. Fagnettverka blir drifta av skolane etter oppdragsavtaler med kompetansesjefen.

Innføringa av nytt læreplanverk (LK20), vurderingspraksis og elevmedverknad vil halde fram som fokusområde. I tillegg er læringsmiljø for inkluderande praksis lagt til som fokusområde. Fokusområda gjer seg gjeldande både innanfor profesjonsutvikling, fagnettverka og tilskotsordningane for lokal kompetanseutvikling.

Vi er i gong med å implementere [kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis](#), som inngår i [tilskotsordningar for lokal kompetanseutvikling](#). Kompetanseløftet vil føre med seg til dels store endringar. StatPed vil fase ut mange av tenestene sine fram mot 2025, og desse vil det etter kvart vere skolane som blir ansvarlege for. For at dette skal vere mogleg må vi kartlegge dei spesialpedagogiske kompetansane i fylket. I tillegg må ein legge ein plan for korleis desse skal bli fordelte for å ta vare på elevomsyna på kvar enkelt skole.

Grunna koronapandemien blir digitale løysingar nytta i større grad enn tidlegare. Ein ser no ein større variasjon av fysiske samlingar og digitale løysingar enn før pandemien.

Denne omstillinga er positiv med tanke på ressursbruk, og har gitt oss mange verdifulle erfaringar som vi tek med oss vidare.

5.2.1 Oversikt over kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling skjer over fleire ledd, og er ei kontinuerleg og lovpålagt oppgåve. Skoleeigar har ansvaret for å sikre riktig og naudsynt kompetanse i skolane, jf. opplæringslovas § 10-8 *Kompetanseutvikling*. Første ledd er grunnutdanning av lærarar som manglar pedagogisk utdanning. Neste ledd er vidareutdanning, som er formell vidareutdanning med studiepoeng. Til slutt har ein etterutdanning, som er lokal kompetanseutvikling i dei lærande fellesskapa på skolane og på tvers av skolane.

Det meste av kompetanseutvikling blir gjennomført i profesjonsfellesskapa på den enkelte skole. Dette er arbeid som skjer i tråd med prioriterte satsingsområde, forskning og lokale kompetansebehov. Lokal kompetanseutvikling skal også skje i profesjonsfellesskap mellom skolane, mellom næringsliv og skole og i partnerskap med blant anna høgskolar og universitet.

Figur for oversikt over kompetanseutvikling:



Figur 78: Oversikt over kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal

5.2.2 Grunnutdanning

Tilsette lærarar som manglar godkjent utdanning, og personar som ønsker å kvalifisere seg til læraryrket, kan søke utdanningsstipend hos Utdanningsdirektoratet. Det kan søkast på praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og yrkesfaglærarutdanning (YFL). PPU og PPU-Y utdanninga er toårig, medan YFL-utdanninga er treårig. Møre og Romsdal fylkeskommune fekk godkjent 22 søkarar i stipendordninga hausten 2021, og 22 søkarar hausten 2022.

5.2.3 Vidareutdanning for lærarar *Kompetanse for kvalitet*

Skoleåret 2021-22 tok 72 lærarar frå våre skolar vidareutdanning gjennom den statlege vidareutdanningsstrategien *Kompetanse for kvalitet*. Deltakarane vart prioriterte av skolane for å sikre samsvar mellom kompetansebehov og kompetanseutviklingsplanane til skolane. Hausten 2022 er det tatt inn ytterlegare 62 lærarar i ordninga.

5.2.4 Lærarspesialistordninga

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde 18 lærarspesialistar i funksjon skoleåret 2021-22. Fire lærarar starta på lærarspesialistutdanning hausten 2021. Utdanninga er over to år. Funksjon og utdanning som lærarspesialist var eit pilotforsøk om karriereveggar i skolen som varte frå 2016 til 2022.

I [Hurdalsplattformen 2021-2025](#) (s. 52) ser ein at regjeringa vil erstatte lærarspesialistordninga ved å: «Leggje til rette for fleire karriereveggar i skulen og erstatte lærarspesialistordninga med ei partsforankra ordning som gir lærarar betre tid til utviklingsarbeid, og som styrkjer profesjonsfellesskapa i skulen».

5.2.5 Etterutdanning

I den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling i skole (Dekom skole) blir statlege midlar for etterutdanning kanalisert gjennom Statsforvaltaren. Målet med ordninga er å auke kvaliteten gjennom å styrke den kollektive kompetansen i skolar ut frå lokale behov

og gjennom partnerskap med universitet og høgskolar. Møre og Romsdal fylkeskommune er i partnerskap med Høgskulen i Volda. Partnerskapet, som starta i 2019, har ført til styrka kompetanse i dei vidaregåande skolane. I tillegg har Høgskulen i Volda auka kunnskapane sine om vidaregåande opplæring, som dei tek med inn mot vidareutvikling av lærarutdanninga. Dette er i tråd med det doble oppdraget for ordninga. Skoleåret 2021-22 vart midlane brukte til kompetanseutvikling av pedagogiske tilsette og leiarar innanfor temaa Kunnskapsløftet 2020, vurderingspraksis, elevmedverknad og innsatsteam mot mobbing.

Den desentraliserte ordninga for yrkesfag (Dekom-YF) er lik ordninga for skole på fleire område, og har som mål å styrke dei kollektive kompetansane i skolar og lærebedrifter. Ordninga skal skape gjensidig kompetanseutvikling gjennom utveksling av kunnskapar og erfaringar mellom aktørane i fag- og yrkesopplæringa ut frå lokale behov, og etablere og styrke langsiktige samarbeid mellom skole og arbeidsliv. Målgruppene til denne ordninga er blant anna instruktørar og faglege leiarar som gir opplæring i bedrift, prøvenemndsmedlemmar og lærarar i vidaregåande skolar.

I tillegg har yrkesfaglærarar moglegheit til kompetanseutvikling gjennom ordninga Yrkesfaglærer 2. Midlane for skoleåret 2021-22 vart brukt til fagleg oppdatering og hospitering. Ordningane er finansiert av Kunnskapsdepartementet som ein del av Yrkesfaglærarløftet.

Kompetanse- og næringsavdelinga bidrar også til kompetanseutvikling gjennom samlingar, verkstadar og liknande. Fagnettverka er det mest omfattande tiltaket for kompetanseutvikling og erfaringsdeling for lærarar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal, og her blir det arrangert årlege samlingar og kurs innan dei ulike fagområda. Det er også kurs og samlingar for blant anna prøvenemndsmedlemmar, faglege leiarar og instruktørar som rettleiar lærlingar og lærekandidatar med opplæring i bedrifter, rådgivarar i grunnskolen og vidaregåande skole og OT-koordinatorar. Fylkeskommunen si PP-teneste held årlege regionale nettverkssamlingar for rektorar, PPT-leiarar og spesialpedagogisk ansvarlege i dei vidaregåande skolane.

5.2.6 Skolebasert etterutdanning

Skolen skal vere eit lærande fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over fellesverdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisane sine. Kompetanseutvikling må vere forankra på kvar enkelt skole, mellom alle tilsette. Alle skolane vektlegg etterutdanning og vidareutviklinga av profesjonsfellesskap. Fleire av skolane har samarbeid og prosjekt med Høgskulen i Volda gjennom partnerskapet i den desentraliserte ordninga for skole. Dei ulike tiltaka for skolebasert etterutdanning finn ein i årsmeldingane frå skolane.

5.2.7 Etter- og vidareutdanning av leiarar

Kvar haust blir det arrangert ei samling for skoleleiarane på våre skolar, med aktuelle tema innan skoleutvikling. I tillegg blir det gjennomført ei årleg samling for toppleiarane i skolane, rektor og assisterande rektor, med tema innan skoleleiing. Rektormøter blir gjennomførte kvar månad, som ein del av leiardialogen mellom skoleleiarane og skoleeigar. Tema for møta er aktuelle pedagogiske og skolefaglege tema innan skoleutvikling og drift. Grunna koronapandemien har desse møta i stor grad vore digitale, og det har gjort det mogleg med kortare og hyppigare møter for å diskutere og avklare aktuelle problemstillingar. Framover vil vi halde på dei digitale møta, men også ha nokre fysiske samlingar.

Skoleleiarane får tilbod om vidareutdanning gjennom dei statlege ordningane for vidareutdanning for leiarar og rektorutdanning. Hausten 2021 starta sju skoleleiar rektorutdanning, og fire skoleleiarar starta slik utdanning hausten 2022.

6 Ressursbruk

Ressursbruken i vidaregåande opplæring blir påverka av fleire faktorar, som skolestorleik og korleis elevane er fordelte mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram er elevtalet per klasse omlag halvparten av talet innanfor studieførebuande utdanningsprogram.


Tala for ressursbruken i den vidaregåande opplæringa blir publiserte av Utdanningsdirektoratet på udir.no. Her finn vi tala for alle fylka. Dette gjer at vi kan samanlikne ressursbruken vår med ressursbruken til dei andre fylkeskommunane.

I skoleåret 2021-22 hadde Møre og Romsdal fylkeskommune 9 116 elevar fordelt på 20 skolar. I snitt hadde skolane våre 414 elevar. Snittet til dei andre fylkeskommunane var 530 elevar per skole. Møre og Romsdal ligg 28 prosent under snittet. Samanlikna med dei andre er det berre Troms og Finnmark fylkeskommune som har lågare elevtal per skole (Utdanningsdirektoratet, 2022). I samanlikninga av fylka på kva det kostar å produsere vidaregåande opplæring, har vi brukt desse nøkkeltala:

Fylke	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter i studieførebuande utdanningsprogram per elev	Driftsutgifter i yrkesfaglege utdanningsprogram per elev	Driftsutgifter til fagopplæring per lærling
Møre og Romsdal	180 621	83 230	115 975	90 526
Snitt fylka utan Oslo og utan M&R	189 307	78 680	112 151	93 763
Høgaste	223 374	86 865	126 411	99 310
Lågaste	171 964	73 083	104 610	82 891
Rangering M&R	6	3	3	8

Figur 79: Oversikt over ressursbruk i vidaregåande opplæring. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Møre og Romsdal er rangert som nr. 6 i driftsutgifter per elev. Dette betyr at 5 av fylka har lågare driftsutgifter enn Møre og Romsdal, og at 5 av fylka har høgare driftsutgifter (sjå neste side):



Figur 80: Driftsutgifter per elev. Kjelde: Utdanningsdirektoratet


Tala viser at driftsutgiftene våre per elev er litt lågare enn gjennomsnittet for landet. For studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram ligg vi litt høgare enn snittet. Vi ligg litt under landssnittet for driftsutgifter til fagopplæring. Når driftsutgiftene per elev likevel er lågare enn snittet for landet skuldast dette at vi har lågare utgifter per elev på andre områder.

Tabellen under syner nokre av desse områda:

Fylke	Korrigerte brutto driftsutgifter til skole lokalar og internat i vidaregåande opplæring per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til pedagogisk leing og pedagogiske fellesutgifter per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleforvaltning per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring i vidaregåande opplæring per elev	Korrigerte brutto driftsutgifter til oppfølgingsteneste og pedagogisk-psykologisk teneste i vidaregåande opplæring per elev
Møre og Romsdal	28 018	14 500	20 278	20 749	836
Snitt fylka utan Oslo og utan M&R	35 340	20 880	20 081	17 330	3 421
Høgaste	43 254	24 122	27 102	22 169	4 458
Lågaste	28 018	14 500	12 853	14 797	836
Rangering M&R	10	10	5	2	10


Figur 81: Samanlikning, utvalde utgiftsområde. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Vi bruker svært lite på pedagogisk leing samanlikna med dei andre fylka. Figuren under viser at vi er fylket som brukar minst ressursar på dette:



Figur 82: Korrigerede brutto driftsutgifter til pedagogisk leing og fellesutgifter per elev. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I tala kjem det også fram at vi bruker meir til spesialundervising og særskilt tilpassa opplæring enn dei andre fylka. I figuren ser vi at berre Nordland bruker meir ressursar på dette enn oss (sjå figur på neste side):



Figur 83: Korrigerede brutto driftsutgifter spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring, per elev.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet

7 Arbeidet vidare

I det vidare arbeidet med å utvikle kvaliteten til den vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skal vi i tida framover:

1. **Auke gjennomføringa**, med mål om at over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring.
2. **Arbeide vidare med læringsmiljø**, med mål om at arbeidet skal bidra til trygge skole- klasse- og arbeidsmiljø, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø bidrar til livsmeistring, og legg til rette for utvikling av sosiale og faglege kompetansar.
3. **Betre læringsutbyttet gjennom aktiv medverknad**, med mål om at elevar og lærlingar skal ha moglegheit til å medverke i opplæringa si. Elevar og lærlingar skal bli høyrde og involverte i eige læringsarbeid. Skolar og lærebedrifter skal vere aktive i arbeidet med å inkludere elevane og lærlingane sine, slik at dei opplever reell medverknad.
4. **Betre overgangane i opplæringa**, med mål om at gode overgangar skal føre til at fleire gjennomfører den vidaregåande opplæringa. Arbeidet skal betre samarbeidsstrukturane for overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift og i overgangar til høgare utdanning. I overgangsarbeidet skal elevar med særskilt sårbarheit, karriererettleiing og formidlingsarbeid stå i særleg fokus. Det skal bli arbeidd med å førebu og kvalifisere fleire elevar til opplæring i bedrift i samarbeid med arbeidslivet.
5. **Vidareutvikle leiing, skoleutvikling og profesjonsfelleskap**, med mål om å fremme gode delings- og læringskulturar gjennom aktiv deltaking og dialogar. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus i arbeidet med skolebasert kompetanseutvikling, digital kompetanse, læreplanarbeid og vurderingspraksis.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon: 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no

- ein tydeleg medspelar

